

Prop. 103 LS

(2023–2024)

Proposisjon til Stortinget (forslag til lovvedtak og stortingsvedtak)

Endringar i skatte- og avgiftslovgivinga

Førebels utgåve

Førebels utgåve

Finansdepartementet

(Førebels utgåve)

Prop. 103 LS

(2023–2024)

Proposisjon til Stortinget (forslag til lovvedtak og stortingsvedtak)

Endringar i skatte- og avgiftslovgivinga

Førebels utgåve

Førebels utgåve

Innhold

1	Innleiing.....	5
2	Endring i reglane om tilbakeføring av frådragsført meirverdiavgift ved kjøp av personkøyretøy – oppmodingsvedtak nr. 35 punkt 13 (2021–2022).....	7
2.1	Innleiing og samandrag.....	7
2.2	Gjeldande rett	8
2.3	Høyringa	9
2.4	Vurderingar og framlegg.....	11
2.4.1	Generelt om framlegget	11
2.4.2	Nærare om framlegget.....	13
2.5	Økonomiske og administrative konsekvensar	16
2.6	Iverksetjing og overgangsreglar	16
3	Eingongsavgift	18
3.1	Innleiing	18
3.2	Eingongsavgift for personbilar	18
3.3	Eingongsavgift for rullestoldrosjar	18
4	Teknisk tilpassing til ny AFP i offentleg sektor	19
5	Endring av skatteloven § 9-14 om skattlegging av verdipapirfond ved utflytting.....	21
5.1	Innleiing og samandrag.....	21
5.2	Gjeldande rett	21
5.3	Vurderingar og framlegg.....	23
5.4	Økonomiske og administrative følgjer.....	23
5.5	Iverksetjing	23
6	Endring av produktavgifta i fiskerinæringa.....	24
7	Tilleggsavtale med USA om forsvarssamarbeid	25
7.1	Innleiing og samandrag.....	25
7.2	Gjeldande rett	25

7.3	Vurderingar og framlegg.....	26
7.4	Økonomiske og administrative følgjer.....	27
7.5	Iverksetjing	28
8	Redusert CO ₂ -avgift for kvotepliktig sjøfart	29
9	Auka sektoravgift under Nasjonal kommunikasjonsmyndighet	30
10	Opprettingar og presiseringar m.m.	31
10.1	Svalbardskatteloven	31
10.2	Skatteloven § 5-42.....	31
10.3	Skatteloven § 6-32.....	31
10.4	Skatteloven § 10-40 og § 18-10 niande ledd.....	32
10.5	Skatteloven § 18-3 andre ledd nr. 2.....	33
10.6	Skatteloven § 18-10 andre ledd	33
10.7	Skatteloven § 18-10 tredje ledd bokstav a nr. 3	33
10.8	Overgangsregel til skatteloven § 11-7 andre ledd.....	34
10.9	Folketrygdloven § 23-3	36
10.10	Merverdiavgiftsloven § 6-6 første ledd.....	36
10.11	Stortinget sitt vedtak om avgift på elektrisk kraft § 1 andre ledd bokstav b	36
10.12	Suppleringskatteloven – diverse føresegner	36
10.12.1	Opprettingar mv.....	36
10.12.2	Kontantstraumskatt og kvalifiserte refundable skattefrådrag ..	38

Prop. 103 LS

(2023–2024)

Proposisjon til Stortinget (forslag til lovvedtak og stortingsvedtak)

Endringar i skatte- og avgiftslovgivinga

*Tilråding frå Finansdepartementet 14. mai 2024,
godkjend i statsråd same dagen.
(Regjeringa Støre)*

1 Innleiing

I Revidert nasjonalbudsjett 2024 foreslår regjeringa enkelte endringar i skatte- og avgiftsreglane. Følgjande framlegg til endringar i skatte- og avgiftsreglane har provenyverknad for 2024:

- Det vert innført meir nøytrale reglar for tilbakeføring av fradragsført meirverdiavgift på personkøyretøy. Meirprovenyet vert brukt til å redusere den nye vektkomponenten i eingongsavgifta som gjeld alle personbilar, og fjerne eingongsavgifta for rullestoldrosjar. Som følgje av at eingongsavgifta og meirverdiavgifta har ulik terminlengd, vil omlegginga gje eit bokført provenytap på 20 mill. kroner i 2024.
- Gjennomføringa av den reduserte satsen i CO₂-avgifta på mineralske produkt for kvotepliktig sjøfart vert endra frå årleg refusjon til direkte fritak ved kjøp frå registrerte verksemder. Endringa er venta å gje eit bokført provenytap i 2024 som er 150 mill. kroner høgare enn anslått i saldert budsjett.
- Sektoravgifta under Nasjonal kommunikasjonsmyndighet (Nkom) vert auka med 5 mill. kroner frå saldert budsjett.

Samla vert nye framlegg til endringar i skattar og avgifter rekna å auke provenyet med om lag 5 mill. kroner påløpt i 2024 samanlikna med saldert budsjett for 2024. Den bokførte verknaden av framlegga er eit tap av proveny på om lag 165 mill. kroner i 2024.

Heilårsverknaden av framlegga er eit meirproveny på 5 mill. kroner.

Regjeringa foreslår òg enkelte andre endringar på skatte- og avgiftsområdet:

- Teknisk tilpassing av reglane for pensjonskattefrådrag til ny AFP i offentleg sektor.
- Endring av skatteloven § 9-14 om skatteplikt ved utflytting, slik at verdipapirfond vert frittatt frå skatteplikta for aksjar i selskap heimehøyrande utanfor EØS.
- Produktavgifta i fiskerinæringa vert auka frå 1,9 pst. til 2,0 pst.
- Endringar i merverdiavgiftslovens føresegner om fritak for offisielle anskaffingar til den amerikanske styrken, som i større grad opnar for fritak framfor refusjon.

- Enkelte mindre, tekniske justeringar i suppleringskatteloven.

Det vert òg vist til følgjande saker som er omtalte i kapittel 4 i Meld. St. 2 (2023–2024)

Revidert nasjonalbudsjett 2024:

- Avvikling av ekstra arbeidsgivaravgift frå 1. januar 2025
- NOU 2022: 20 *Et helhetlig skattesystem*
- Arbeid for å tette meirverdiavgiftshølet ved tenesteflyt over landegrensa mellom ulike etableringar i eitt og same selskap.

I denne proposisjonen gjer departementet framlegg om:

- lov om endringar i skatteloven
- lov om endring i folketrygdloven
- lov om endringar i svalbardskatteloven
- lov om endringar i merverdiavgiftsloven
- lov om endringar i lov 20. desember 2023 nr. 98 om endringer i skatteloven
- lov om endringar i suppleringskatteloven
- endringar i stortingsvedtak om avgifter på motorvogner mv.
- endring i Stortinget sitt vedtak om avgift på elektrisk på kraft
- endring i stortingsvedtak om produktavgift til folketrygda for fiskeri-, kval- og selfangstnæringane

2 Endring i reglane om tilbakeføring av frådragsført meirverdiavgift ved kjøp av personkøyretøy – oppmodingsvedtak nr. 35 punkt 13 (2021–2022)

2.1 Innleiing og samandrag

Regjeringa foreslår å endre reglane i merverdiavgiftsloven om tilbakeføring av frådragsført meirverdiavgift ved kjøp av personkøyretøy. Framlegget går i hovudsak ut på å erstatte dagens sjablongverdiar med den faktiske verdien til køyretøyet når det vert selt vidare eller på anna måte tatt ut av avgiftspliktig verksemnd. Føremålet med framlegget er meir nøytrale reglar ved at frådragsført meirverdiavgift etter tilbakeføring betre reflekterer verdifallet køyretøyet faktisk har medan det vert nytta i den avgiftspliktige verksemda.

Stortinget gjorde følgjande oppmodingsvedtak ved behandlinga av Prop. 1 LS (2021–2022) *Skatter, avgifter og toll 2022*, sjå Innst. 2 S. (2021–2022) (vedtak 35 punkt 13):

«Stortinget ber regjeringen i revidert nasjonalbudsjett 2022 foreslå tiltak for å øke elbilandelen i leasingmarkedet og innenfor varebilmarkedet, herunder konkrete forslag som vil ha umiddelbar effekt i 2022, for å hindre at disse markedene blir en barriere for å nå målet om at alle nye personbiler og lette varebiler i 2025 skal være nullutslippsbiler. Utredningen skal se på fjerning av skattefordeler til biler med utslipp i leasingmarkedet, støtteordninger til el-varebiler, og CO₂-komponenten i engangsavgiften for nyttekjøretøyer med forbrenningsmotor, den skal videre se på om det kan gjøres grep i støtteordningene til el-bil som kan gi næringsdrivende styrkede og mer like fordeler som privatpersoner».

Regjeringa varsla i Revidert nasjonalbudsjett 2022, Statsbudsjettet 2023 og Statsbudsjettet 2024 høyring av meir nøytrale meirverdiavgiftsreglar for leasing mv. og sendte ut eit framlegg om dette på høyring hausten 2023. I Innst. 239 (2023–2024) *Innstilling fra kontroll- og konstitusjonskomiteen om Anmodnings- og utredningsvedtak i stortingssesjonen 2022–2023* går det fram at oppmodingsvedtaket ikkje kan kvitterast ut før forslaget er lagt fram for Stortinget. Regjeringa ser det slik at oppmodningsvedtaket er følgt opp med dette framlegget.

Innføring av meir nøytrale meirverdiavgiftsreglar er venta å auke inntektene til staten med om lag 250 mill. kroner i heilårsverknad, med påløpt verknad på 125 mill. kroner og bokført verknad på 85 mill. kroner i 2024. Framlegget skal ikkje gje auka inntekter for staten. Auka inntekter som følgjer av framlegget, vert tilbakeført gjennom reduksjonar i bilavgiftene. Regjeringa foreslår å bruke meirprovenyet til å redusere den nye vektkomponenten i eingongsavgifta som gjeld alle personbilar, og fjerne eingongsavgifta for rullestoldrosjar. Endringane i eingongsavgifta er nærmare omtalte i kapittel 3. Samla vil drosjenæringa få ei skattelette, og det vil verte billigare å lease, leige og eige rimelege elbilar.

Departementet syner til framlegg til endring i merverdiavgiftsloven § 9-6 samt framlegg til overgangsføresegn til merverdiavgiftsloven § 9-6 .

2.2 Gjeldande rett

Meirverdiavgift er ei generell avgift på forbruk. Meirverdiavgiftsregistrerte verksemder skal rekne ut meirverdiavgift ved omsetning av varer og tenester, med mindre noko anna er særleg bestemt. Motstykket er at dei kan trekke frå meirverdiavgift på anskaffingar til bruk i den avgiftspliktige verksemda. På den måten vert meirverdien skattlagt i kvart omsetningsledd, og meirverdiavgifta vert først endeleg belasta når kjøparen ikkje har rett til frådrag, typisk ved sal til ein forbrukar.

For personkøyretøy er det gjort unntak frå den generelle retten til frådrag for inngående meirverdiavgift, jf. merverdiavgiftsloven § 8-4 første ledd første punktum. Dette heng saman med at personkøyretøy er særleg egna for privat bruk, og at det difor er stor fare for at private utgifter vert overførte til meirverdiavgiftspliktig verksemd. Med personkøyretøy meiner ein mellom anna motorvogn registrert som personbil, varebil klasse 1, moped, motorsykkel og campingbil, jf. merverdiavgiftsforskriften § 1-3-1.

Frådragsretten gjeld likevel for personkøyretøy som vert brukt som salsvare, utleigekøyretøy og i persontransportverksem, jf. merverdiavgiftsloven § 8-4 andre punktum. Dette heng saman med at personkøyretøy er den primære innsatsfaktoren i slike verksemder, som har plikt til å krevja meirverdiavgift på sine tenester på vanleg måte. Ei avskjering ville difor ramma desse verksemndene særleg hardt. Utleigekøyretøy omfattar både korttidsutleige (bilutleige) og leasing. Persontransportverksem omfattar drosjekøyring.

Meirverdiavgift vert ikkje betalt ved omsetning av brukte motorvogner. I staden må det svarast omregistreringsavgift når tidlegare registrerte motorvogner vert registrerte på nye eigarar. Dette gjeld òg vidaresal av motorvogner frå verksemder som har frådragsført meirverdiavgift. Køyretøy skil seg i så måte frå andre driftsmiddel, der òg vidaresal utløyer meirverdiavgift. Systemet er delvis ei praktisk tilpassing og delvis ein konsekvens av at ein stor del av omsetninga av brukte bilar skjer mellom privatpersonar og ikkje ville utløyst meirverdiavgift.

Når meirverdiavgift vert frådragsført, utan at omsetning av køyretøyet utløyer avgift, kan ein reinse personkøyretøy for meirverdiavgift og selje det vidare avgiftsfritt i bruktbilmarknaden. For å motverke dette er det innført reglar om bindingstid og tilbakeføring av frådragsført meirverdiavgift dersom personkøyretøy vert vidareselt eller omdisponert til bruk som ikkje ville gjeve frådragsrett, jf. merverdiavgiftsloven § 9-6. Verksemndene må tilbakeføre frådragsført meirverdiavgift dersom personkøyretøyet vert selt før det har gått 48 månader sidan køyretøyet vart registrert. Tilbakeføringsbeløpet vert redusert med 1/30 for kvar heile månad det første året og 1/60 for kvar heile månad dei tre siste åra. Sal for eksport vil ikkje utløyse krav om tilbakeføring av meirverdiavgift.

I merverdiavgiftsloven er det gitt justeringsreglar for andre kapitalvarer, sjå lova §§ 9-1 til 9-5. Maskinar, inventar og driftsmiddel har ein justeringsperiode på fem år, medan fast eigedom har ein periode på ti år.

I merverdiavgiftsloven § 6-8 første ledd er det gjeve fritak for meirverdiavgift ved omsetning av elbilar for vederlag opp til og med 500 000 kroner. For verksemder med

frådragsrett for personkøyretøy vil det i så fall ikkje vere nokon inngåande meirverdiavgift å gjere frådrag for, og tilbakeføringsreglane er i slike tilfelle utan betydning. For elbilar med verdi over 500 000 kroner vil tilbakeføringsreglane berre gjelde for den delen av vederlaget som overstig 500 000 kroner.

2.3 Høyringa

Finansdepartementet sende 2. november 2023 framlegg om meir nøytrale reglar for tilbakeføring av frådragsført meirverdiavgift på høyring med høyringsfrist 1. februar 2024.

I framlegget vart det foreslått å erstatte dagens sjablongreglar for tilbakeføring av meirverdiavgift med eit system der tilbakeføringsbeløpet vert rekna ut frå verdien av køyretøyet på tidspunktet køyretøyet vert omdiagonert (typisk ved vidaresal). Plikta til tilbakeføring vart foreslått forlenga frå dagens fire til åtte år. Framlegget gjeld berre verksemder som i dag har rett til frådrag for anskaffingar av personkøyretøy. Det vil seie verksemder som driv utleigeverksemd og persontransport. Føremålet med framlegget er å få på plass eit system som betre reflekterer køyretøyet sitt faktiske verdifall.

Departementet har motteke svar frå 30 instansar.

27 høyringsinstansar har kome med realitetsmerknader:

- Advokatforeningen
- Avis
- Bilimportørenes Landsforening
- Bislett bilutleie
- Bærum bilutleie AS
- CTC Bilpartner as
- Domstoladministrasjonen
- Easy Rent AS
- Finans Norge
- Finansieringsselsakpenes Forening
- Fjord Mobility AS
- Justis- og beredskapsdepartementet
- LeasPlan Norge AS
- NHO Reiseliv
- NHO Transport
- Norges bilbransjeforbund
- Norges Taxiforbund
- Norsk elbilforening
- Regelrådet
- Regnskap Norge
- Rogaland Bilutleie AS
- Sands Advokatfirma DA
- Senja Caravan AS
- Shared Mobility NUF
- Sixt Norge
- Skattedirektoratet

- Statistisk sentralbyrå
- Visit Bergen
- Visit Bodø
- privatperson

Skatteetaten, Elbilforeningen og Regnskap Noreg er positive til framlegget, medan typiske bilutleigefirma og finansieringsselskap er negative til framlegget.

Det har kome 11 innspel frå aktørar som er ein del av, eller representerer nokon i bilutleigebransjen, mellom anna NHO Reiseliv, Avis og Sixt. Bilutleigebransjen meiner at konsekvensane for bransjen ikkje er tilstrekkeleg utgreidd. Ifølgje bransjen vil framlegget føre til tap av arbeidsplassar og ha negative konsekvensar for mellom anna reiselivet. Dei syner til at bransjen ikkje frådragsfører meir meirverdiavgift enn dei betalar inn, og at bransjen difor ikkje vert subsidiert gjennom meirverdiavgiftssystemet. Vidare peikar dei på at leigebilar har større verdifall enn leasingbilar, og difor bør likestillast med drosjar dersom regjeringa foreslår meir lempelge reglar for drosjane. Bransjen stiller òg spørsmål ved at Stortingets oppmodingsvedtak ikkje nemner bilutleige og undrar seg om det har vore føremålet å halde bransjen utanfor.

Noregs bilbransjeforbund, Finansieringsselskapenes foreining, Bilimportørenes landsforeining med fleire har peikt på at situasjonen som gav opphav til oppmodingsvedtaket i 2022, har endra seg. Dei syner til at kostnadene ved å eige personbilar med forbrenningsmotor har auka kraftig som følgje av auka eingongsavgift og auka rente, og at det har ført til at det ikkje lenger er nokon skattefordel i favør av leasing. Dei meiner det er uklart kva departementet legg i nøytralitet, og saknar utrekningar som underbyggjer at gjeldande reglar ikkje er nøytrale. Etter Finansieringsselskapenes foreining sine eigne utrekningar er skatteinntektene større ved leasing enn ved kjøp. Dei meiner dette er eit prov på at dagens reglar om tilbakeføring heller er for strenge enn for milde. Leasingbransjen hevdar at framlegget vil kunne gjere leasing uaktuelt som finansieringsform for kundar som er utan rett til frådrag eller kompensasjon for inngåande meirverdiavgift.

Norges Taxiforbund peikar på at drosjar har vesentleg lenger køyrelengde enn andre personbilar og difor fell vesentleg raskare i verdi. Dei verkar soleis å dele premissen om at framlegget vil få mindre økonomiske følgjer for drosjenæringa. Taxiforbundet hevdar at framlegget vil slå uheldig ut for drosjar som er spesielt utforma for rullestolbrukarar. Taxiforbundet går samstundes eit skritt vidare og ber om full frådragsrett for drosjar utan krav om tilbakeføring av meirverdiavgift ved omdisponering, slik tilfellet er for varebilar og andre nyttekøyretøy. Dei foreslår alternativt at tilbakeføringsperioden vert redusert til to år for drosjar.

Fleire høyringsinstansar har peikt på at framlegget vil komplisere handteringa av avgifta for dei avgiftspliktige. Det vert mellom anna peikt på at med dei nye reglane vil ein fyrst kunne rekne ut tilbakeføringsbeløpet når køyretøyet vert omdisponert, medan dette er klart allereie ved kjøpet med dagens sjablongreglar. Denne uvissa eller risikoen vil ifølgje desse høyringsinstansane gje høgare leigeprisar. Dei meiner samstundes at systemet òg

opnar for omgåingar i form av kunstig sette prisar på kjøp og vidaresal. Vidare peiker dei på at framlegget krev endringar i rekneskapssystema til dei næringsdrivande, som vil kunne vere vanskelege å gjennomføre dersom framlegget skal tre i kraft frå 1. juli 2024.

Regelrådet har uttalt at konsekvensane av framlegget ikkje er tilstrekkeleg utgreidd, og ber om at framlegget vert stilt i vent i påvente av ei slik utgreiing. Dei hevdar at høyringsnotatet har to mål – auka elbilandel og meir nøytrale meirverdiavgiftsreglar – og at det er uklart kva mål som er den primære bakgrunnen for framlegget. Vidare saknar dei ei vurdering av alternative tiltak for å auke elbilandelen og ei grundigare vurdering av konsekvensane for næringslivet.

Skatteetaten støttar i utgangspunktet framlegget. Etaten peikar på at tiltaket vil komplisere regelverket og påføre styresmaktene og næringslivet auka administrative kostnader. Ut frå eit forenklingsperspektiv, og under tilvising til at dagens underskattlegging primært synest å vere eit problem for leasing, meiner etaten at departementet bør vurdere ein forenkla variant. Ein forenkla variant kan vere å vidareføre sjablongreglen for leasing, bilutleie og drosjar, men å utvide bindingstida for leasingbilar frå dagens fire til fem år.

2.4 Vurderingar og framlegg

2.4.1 Generelt om framlegget

Lengda på bindingstida har vorte endra fleire gonger. I 1998 vart bindingstida sett til 36 månader. Endringa reduserte ei kraftig subsidie som utleige og leasing hadde i meirverdiavgifta. Ved fastsetjing av lengda vart det lagt vekt på at frådragsført meirverdiavgift ved kjøp skal svare til påløpt meirverdiavgift på vederlaget for leige/leasing av køyretøyet, sjå St. prp. nr. 1 (1997–98) og Budsjettinnst. S nr. 1(1997–98). Bindingstida vart igjen auka i 2015 for å redusere den skattemessige fordelen for leasingbilar. Då vart den auka frå 36 til 48 månader, sjå punkt 6.3 i Prop. 1 LS. (2014–2015).

Fram til 2023 var omsetning og leasing av elbilar friteke for meirverdiavgift. Frå 1. januar 2023 vart det innført meirverdiavgift for elbilar for den delen av prisen som overstig 500 000 kroner. For elbilar med verdi opp til 500 000 kroner vil ikkje ei innstramming i tilbakeføringsreglane føre til auka kostnader for verksemder med frådragsrett for personkøyretøy, og for elbilar med ein verdi over 500 000 kroner vil kostnadsauken vere relativt liten.

Framlegget vil auke samla avgift for bilar med forbrenningsmotor og dyre elbilar i leasing, korttidsutleige og drosjenæringa. Framlegget vil dermed auke konkurranseevna til elbilane i desse næringane.

I 2023 var over 80 pst. av alle nye personbilar elektriske, og denne delen har auka til 90 pst. i dei fire første månadene i 2024. Ifølgje registreringsstatistikk frå Opplysningsrådet for vegtrafikk var 96 pst. av alle nye drosjar og 78 pst. av alle nye utleigebilar elektriske i dei fire første månadene av 2024. Regjeringa har eit mål om at alle nye personbilar skal

vere elbilar i 2025. Noreg er på god veg til å nå dette målet, og framlegget her vil bidra ytterlegare til dette.

Fritaket for omsetning og leasing av elbilar for den delen av prisen som ligg under 500 000 kroner, inneber statsstøtte og krev godkjenning frå EFTAs overvakingsorgan (ESA). ESA har godkjent gjeldande fritak ut 2024. Regjeringa er i dialog med ESA, med sikte på eit fritak òg etter 2024.

Føremålet med framlegget er å få på plass meir nøytrale reglar for tilbakeføring av frådragsført meirverdiavgift ved kjøp av personkøyretøy. Tiltaket vil primært gjelde køyretøy med forbrenningsmotor.

Med nøytrale reglar meiner departementet reglar som avgiftsleggjer leasing, korttidsutleige og persontransport etter same prinsipp som gjeld for andre meirverdiavgiftspliktige verksemder. Meirverdiavgiftspliktige verksemder skal rekne ut meirverdiavgift ved omsetning av varer og tenester, men dei kan frådragsføre meirverdiavgift på innkjøp til bruk i den registrerte verksemda. Restverdien representerer den verdien av bilen som ikkje vert brukt i den avgiftspliktige verksemda, og ein skal dermed heller ikkje få frådrag for denne verdien. Sjølv om bransjen hevdar at auka rente og eingongsavgift har gjort reglane nøytrale, vert framleis ikkje restverdien til køyretøya skattlagt under gjeldande reglar.

For å sikre ei meir presis skattlegging av restverdien held regjeringa fast ved forslaget i høyringsnotatet og foreslår å endre reglane om tilbakeføring av frådragsført meirverdiavgift. Det vert gjort ved at ein reknar tilbakeføringsbeløpet ut frå verdifallet til køyretøya. Tilbakeføringsbeløpet vil då verte rekna ut individuelt, basert på forholdet mellom kjøpsverdi og verdi ved omdisponering (salspris).

Departementet held fast ved at framlegget skal gjelde for både korttidsutleige, leasing og persontransport. Drosje- og bilutleigebrahsjen argumenterer for at dei skal ha gunstigare reglar enn leasing mellom anna fordi bilane i desse bransjen fell raskare i verdi enn leasingbilar. Departementet meiner at ein styrke ved framlegget er at det gjev meir presis skattlegging i alle bransjene og at det dermed ikkje er naudsynt med ulike reglar. Når ein reknar ut tilbakeføringsbeløpet ut frå verdifallet på bilen, vil tilbakeføringa verte avskriven raskare for bilar med stort verdifall (som drosjar og utleigebilarar) samanlikna med bilar med lågare verdifall (som leasingbilar).

Å gå så langt som å avvikle eller redusere bindingstida for drosjenæringa, ville ikkje berre komplisere regelverket, men òg vere i strid med føremålet til framlegget. I praksis vil dette verte ei form for subsidiering av bruktbilomsetning gjennom aktørar som driv med persontransport. Ifølgje Noregs taxiforbund vil høyringsframlegget få størst konsekvensar for rullestoldrosjane. Regjeringa innser dette og foreslår difor å fjerne eingongsavgifta for rullestoldrosjar. Slik får dei ei stor netto avgiftslette.

Føremålet med framlegget er å gjere meirverdiavgiftsreglane meir nøytrale. Dagens system er vridande ved at det mellom anna har gjort det gunstig å lease bilar med forbrenningsmotor. Dette gav opphav til Stortingets oppmading om å fjerne «skattefordeler til biler med utslepp i leasingmarkedet». Framlegget vil føre til at fleire vil

skaffe elbilar i staden for å lease bilar med forbrenningsmotor. Dette er ikkje eit mål i seg sjølv, men ein konsekvens av å innføre meir nøytrale reglar, jf. fråsegn frå Regelrådet.

Fleire høyningsinstansar har etterspurt utrekningar som viser at reglane som vert foreslått er nøytrale. Det er ikkje naudsynt me slike utrekningar for å vurdere nøytralitet på systemnivå. Ein kan i alle fall ikkje gje ein fasit på om meirverdiavgiftsreglane er nøytrale ved å vurdere forholdet mellom inngående og utgående avgift. Mellom anna som følge av variasjonar i avgiftslegginga av innsatsfaktorane og lønsemda til verksemde vil dette variere mykje frå bransje til bransje og frå verksemde til verksemde. Til dømes vil ei verksemde med høge lønskostnader (utan avgift), og låg varekost ha vesentleg høgare utgående avgift enn inngående. Verksemder med god lønnsemde vil òg ha vesentleg høgare utgående avgift enn inngående avgift. At mange aktørar har kunna frådragsføre meir meirverdiavgift enn køyretøyet har generert av meirverdiavgiftsinntekter, er likevel ein indikasjon på at dagens reglar ikkje er nøytrale.

Departementet er klar over at framlegget vil vere noko meir krevjande å handtere for dei avgiftspliktige enn dagens sjablongreglar, men meiner at dette er handterleg. Det alternative framlegget frå Skatteetaten om å vidareføre dagens sjablongreglar vil vere administrativt enklare. På den andre sidan vil det òg innebere at svakheitene ved dagens system vert vidareført. Skatteetaten foreslår ulike reglar for tilbakføring for leasing på eine sida og for persontransport og korttidsutleige på andre sida. Ei slik avgrensing vil innebere eit tospora system, med forskjellige regelsett for ulike bransjar. Reint teknisk ville det vere mogleg å avgrense dei nye reglane mot persontransport, men det vil komplisere regelverket og kunne gi utilsikta konsekvensar på same måten som framlegget til Taxiforbundet. Eit slik system vil til dømes innebere ulike reglar for tilbakeføring av avgift for drosjar som vert leasea og drosjar som vert kjøpte.

Departementet har varsla fleire gonger at dei vil sende eit framlegg på høyring og framlegget vart sendt på høyring i haust. Framlegget kan dermed ikkje kome som ei overrassing på næringslivet. Vidare er det fyrst ved omdisponering at dei nye reglane vert aktuelle – gjerne 1–3 år fram i tid. I praksis vil dei avgiftspliktige difor ha god tid til å endre systema sine for å handtere sjølve omdisponeringa.

På denne bakgrunnen foreslår departementet å endre tilbakeføringsreglane av meirverdiavgift for personkøyretøy slik at tilbakeføringsbeløpet blir rekna ut etter faktisk restverdi.

2.4.2 Nærare om framlegget

Fastsetjing av tilbakeføringa

Den delen av frådragsført meirverdiavgift som skal tilbakeførast, vil svara til forholdet mellom verdien av køyretøyet ved omdisponering og verdien då den inngående meirverdiavgifta vart frådragsført (nybilprisen). Dersom verdien ved omdisponering utgjer til dømes halvparten av nybilprisen, skal halvparten av frådragsført meirverdiavgift tilbakeførast. Verdien ved tidspunktet for omdisponeringa bør fastsetjast på tilsvarande vis

som meirverdiavgiftsgrunnlaga. Det vil seie at verdien ved omsetning vert sett til vederlaget, gjeve armlengdevilkår, og i andre tilfelle til vanleg omsetnadsverdi.

Med framlegget vil leasing av bilar med forbrenningsmotor og dyre elbilar få ei større avgiftsbelastning enn med gjeldande reglar. Leasingselskapet skal etter gjeldande reglar tilbakeføre 20 pst. av frådragsført meirverdiavgift dersom bilen vert omdisponert etter 36 månader. På bakgrunn av bruksfrådragstabellen, som vert nyttा ved berekning av eingongsavgift for brukimporterte køyretøy, kan ein anslå at verdifallet på ein 36 månader gammal bil er 33 pst. Dersom tilbakeføringsbeløpet i staden skal bereknast basert på verdifallet, vil tilbakeføringsbeløpet verte om lag 67 pst. av frådragsført meirverdiavgift, altså vel tre gonger så stort som gjeldande tilbakeføringssum. Verdifallet kan vere større enn det bruksfrådraget tilseier, og då vil òg tilbakeføringsbeløpet verte mindre.

Drosjar fell raskare i verdi enn leasingbilar. Det har samanheng med at drosjane har vesentleg lengre årleg køyrelengde enn leasingbilane. Gjennomsnittleg køyrelengde for drosjebilane er om lag fire gonger lengre enn gjennomsnittet for personbilar, og det er difor grunn til å tru at verdifallet for drosjebilane òg er vesentleg større. Ein drosjebil som vert sold etter tre år, kan ha hatt eit verditap på 60 pst. Dersom denne bilen då vert teken ut av verksemda, må drosjeeigaren tilbakeføre 40 pst. av frådragsført meirverdiavgift, mot 20 pst. etter gjeldande reglar. Dersom frådragsført meirverdiavgift utgjorde 100 000 kroner ved kjøp av drosjen, må drosjeeigaren tilbakeføre 20 000 kroner meir meirverdiavgift når bilen vert teken ut av verksemda, samanlikna med dagens situasjon.

Menon skriv i rapporten *Bilutleie og sesongsvingninger* at leigebilar i gjennomsnitt vert haldne i verksemda i om lag 1 ½ år. Etter gjeldande reglar må bilutleigeselskapet tilbakeføre halvparten av den frådragsførde meirverdiavgifta dersom dei vidaresel bilen etter 1 ½ år. Menon skriv i rapporten at forventa verditap etter 1,5–2 år er rundt 18–30 pst. Endringa inneber dermed at bilutleigeselskapet i dette tilfellet må betale tilbake 70–82 pst. av frådragsført meirverdiavgift. Dersom verdifallet etter 18 månader til dømes er 25 pst., vil framlegget altså innebere at delen meirverdiavgift som må betalast tilbake etter 18 månader, vert auka frå 50 pst. til 75 pst. Det utgjer ei nominell avgiftsauke på 15 000–25 000 kroner ved omdisponering av vanlege utleigebilar med forbrenningsmotor.

Departementet vurderer verknadene for reiselivet å verte små. Ut frå dømet ovanfor kan framlegget innebere i storleiken 1 000 kroner i auka kostnader per månad for ein fossil utleigebil. Ein utleigebil blir leidt ut fleire gonger i løpet av ei månad og kostnaden vert fordelt på fleire kundar. Vert bilen leidt ut fire gonger per månad, vil kostnaden per leigeforhold auke med 250 kroner. Det er ein liten del av den samla kostnaden av å feriere i Noreg, og framlegget vil ikkje gje store endringar i etterspurnaden etter feriar i Noreg. Dessutan vil framlegget ikkje auke kostnadene for utleige av rimelege elbilar.

Opphøyet av tilbakeføringsplikta

Bakgrunnen for framlegget er at ein omfattande del av personkøyretøya har ein vesentleg høgare restverdi når dei vert tekne ut av den frådragsberettiga verksemda, enn verdien som vert avgiftslagde etter gjeldande tilbakeføringsreglar. Omsyna til nøytralitet og lik

skattlegging av forbruket tilseier forholdsmessig tilbakebetaling av frådragsført meirverdiavgift i alle tilfelle der personkøyretøyet har ein restverdi ved omdisponeringa. Dette vil gjelde uavhengig av kor lenge køyretøyet har vore nytta i verksemda. Departementet meiner likevel at dette målet om riktig skattlegging òg i denne samanhengen må vurderast mot målet om at meirverdiavgifta skal vere enkel og praktikabel. Desse sistnemnde omsyna tilseier at tilbakebetalingsplikta fell bort etter ei viss tid.

Kor lang tid tilbakebetalingsplikta skal gjelde, må vurderast ut frå ulike omsyn. Å utvide tilbakeføringsplikta til meir enn fem år fordrar i utgangspunktet særvilkår om forlengd oppbevaringsplikt, jf. femårsplikta for oppbevaring av bokførte opplysningar i bokføringslova § 13.

Gjennomsnittleg levealder for personkøyretøy i Noreg er over 15 år. Dersom plikta til å tilbakebetale frådragsført meirverdiavgift berre skal gjelde i 5 år, vil tilbakeføringsbeløpet kunne gå frå å vere stort til null når køyretøyet vert meir enn 5 år. Ein slik terskelverknad kan gje insentiv til tilpassingar og omgåingar, og stride mot måla om nøytral meirverdiavgift og effektiv skattlegging av forbruk. Departementet difor at plikta til å tilbakeføre meirverdiavgift må gjelde i meir enn 5 år. Departementet legg til grunn at dei aller fleste personkøyretøy som vert skaffa til bruk i avgiftspliktig verksemde vil bli vidareseld innan fem år, og at det difor berre unnataksvis vil bli tilbakeført inngående meirverdiavgift som er frådragsført for meir enn 5 år sidan. Tilbakeføringsplikt for perioden utover 5 år vert i fyrste rekkje foreslått for å hindre tilpassingar.

Tilbakeføringsplikta vert foreslått å falle bort etter 8 år rekna frå registreringa av køyretøyet. Sjølv om køyretøy framleis kan ha stor bruksverdi etter 8 år, legg departementet til grunn at det vil bety lite for provenyet. Bortfall av tilbakeføringsplikt etter 8 år vil like fullt å gi eit visst bidrag til å redusere dei administrative kostnadene.

Alternativ berekning av tilbakeføringa

Det er ynskjeleg å unngå pålegg om forlengd oppbevaringsplikt for rekneskapsmateriale, jf. bokføringsloven § 13. Departementet foreslår difor at verksemda for personkøyretøy som vart registrert på verksemda i eit rekneskapsår som var omme for meir enn fem år sidan, kan rekne ut frådragsbeløpet. Dette er nærmare forklart nedanfor. Verksemder som ønskjer å basere tilbakeføringa på meirverdiavgifta som faktisk er frådragsført, kan gjere det, så lenge verksemda har oppbevart det relevante rekneskapsmaterialet.

Departementet ser at eit slikt høve til å velgje isolert sett kompliserer regelverket. Motivet for framlegget er likevel forenkling, ved å skjerme verksemndene frå obligatoriske reglar om utvida oppbevaringstid for rekneskapen.

I den alternative modellen må verksemndene gjere utrekningane på grunnlag av tilgjengelege opplysningar. Opplysningar om listeprisen til køyretøyet og eventuell eingongsavgift, vil gje grunnlag for å rekne ut meirverdiavgifta ved kjøpet. Under den alternative løysinga vert det lagt til grunn at verksemda har gjort fullt frådrag for meirverdiavgifta. Det vil seie at frådragsført meirverdiavgift kan bereknast til 20 pst. av

listepris med frådrag av eingongsavgift. Eingongsavgifta reknast ut etter satsane som gjaldt ved kjøp av køyretøyet.

Vilkår for tilbakeføringsplikt

Hendingar som utløyser plikt til tilbakeføring av inngående meirverdiavgift, vil vere at køyretøyet vert teke i bruk til føremål som ikkje gjev rett til frådrag for inngående meirverdiavgift, eller vert vidareseld i Noreg. Eksport vil ikkje utløyse plikt til å tilbakeføre frådragsført meirverdiavgift. Dette gjeld òg i dag, men vert i framlegget presisert i lova.

Departementet syner til framlegg til endringar i merverdiavgiftsloven § 9-6.

2.5 Økonomiske og administrative konsekvensar

Framlegget er venta å auke inntektene til staten med om lag 250 mill. kroner i heilårsverknad, med påløpt verknad på 125 mill. kroner og bokførd verknad på 85 mill. kroner i 2024. Det er lagt til grunn at ein del av bilane som ville vorte leasa med dagens regelverk, heller vil verte kjøpt etter endringa. Dei som eig bilane sjølv, betaler full meirverdiavgift på kjøpstidspunktet, i motsetning til dei som leaser bil. Dei betaler meirverdiavgift på leiga over fleire år. Når fleire kjøper bilar framfor å lease, vil meirverdiavgiftsinntektene auke på kort sikt. Endringa vil òg styrke konkurranseevna til elbilar, med låg eingongsavgift og med låg eller inga meirverdiavgift. Isolert sett vil dette kunne trekke ned provenyet. Etter kvart som dei nye reglane gjer seg gjeldande, vil inntektene auke. Den langsigte inntektsauken er venta å utgjere om lag 500 mill. kroner årleg. Provenyanslaget er usikkert, og vil avhenge av åtferdsendringar. Meirprovenyet frå omlegginga vert tilbakeført gjennom reduksjonar i eingongsavgifta, sjå kapittel 3.

Tilbakeføringsplikt basert på faktisk verdi kan medføre noko risiko ved verdivurderinga dersom køyretøyet vert omdisponert på ein annan måte enn ved sal mellom uavhengige partar. Ettersom ein stor del av køyretøya er venta å verte selt til kjøpar som ikkje har interessefellesskap med seljar, legg departementet til grunn at samla risiko ved verdivurderinga av køyretøya er avgrensa.

Departementet legg til grunn at framlegget ikkje vil påverka dei administrative kostnadene for Skatteetaten i nemneverdig grad. For dei avgiftspliktige vil den nye ordninga være meir komplisert å handtere enn dagens sjablongreglar. Dette betyr ikkje så mykje for verksemder som driv med persontransport og som ikkje bytter bil så ofte. For verksemder som driv med bilutleige og leasing, og som har stort omløp av køyretøy, vil belastninga bli større. Departementet legg til grunn at de administrative kostnadene som følgje av framlegget likevel er relativt små, og at bransjen er godt rusta til å handtere dette.

2.6 Iverksetjing og overgangsreglar

Departementet foreslår at endringane tek til å gjelde 1. juli 2024, men likevel slik at gjeldande reglar kan nyttast for personkøyretøy som vert levert før endringa tek til å

gjelde. Dette gjeld òg i høve der køyretøyet vert registrert etter 1. juli 2024. Dette er i tråd med forslaget som har vore på høyring.

Departementet foreslår vidare at gjeldande reglar for tilbakeføring òg kan nyttast for køyretøy som vert levert etter 1. juli 2024, dersom det er inngått bindande kjøpekontrakt eller bindande leigeavtale før 14. mai 2024. Departementet meiner at ei slik løysing vil gjere reglane tilstrekkeleg føreseielege for bransjen og hindre konsekvensar som dei næringsdrivande og dei som leiger bil, kan oppfatte som urimelege.

Departementet syner til framlegg til overgangsføresegn til merverdiavgiftsloven § 9-6.

Førebels utgåve

3 Eingongsavgift

3.1 Innleiing

Regjeringa foreslår å innføre meir nøytrale reglar for tilbakeføring av frådragsført meirverdiavgift, sjå kapittel 2. Innføring av meir nøytrale meirverdiavgiftsreglar skal ikkje gje auka inntekter for staten. Regjeringa foreslår å bruke meirprovenyet til å redusere den nye vektkomponenten i eingongsavgifta som gjeld alle personbilar og fjerne eingongsavgifta for rullestoldrosjar.

3.2 Eingongsavgift for personbilar

For personbilar (avgiftsgruppe a) vert eingongsavgifta rekna ut frå vekt og utslepp av CO₂ og NOx. I 2023 vart det innført ein ny vektkomponent som gjeld for alle personbilar.

Regjeringa foreslår å redusere den nye vektkomponenten med 90 øre. Det vil gje redusert avgift på om lag 1 400 kroner for ein vanleg elbil på om lag 2 000 kg. For lettare bilar vil reduksjonen i avgifta verte noko lågare, medan tyngre bilar vil få noko større reduksjon. Til dømes vil ein hybridbil på 1 200 kg få redusert eingongsavgifta med vel 600 kroner.

Departementet anslår at framlegget vil redusere staten sine inntekter med om lag 200 mill. kroner årleg, med påløpt verknad på om lag 100 mill. kroner i 2024 og bokført verknad på om lag 80 mill. kroner i 2024.

Departementet syner til framlegg om endring av vedtak om engangsavgift § 2.

3.3 Eingongsavgift for rullestoldrosjar

I eingongsavgifta er dei avgiftspliktige køyretøya delte inn i åtte grupper med ulik avgift og berekningsgrunnlag. Det er ei eiga avgiftsgruppe for personbilar som er tilpassa for og vert nytta til transport av rullestolbrukarar (avgiftsgruppe k).

Regjeringa foreslår å innføre fritak for eingongsavgift for køyretøy i avgiftsgruppe k. Framlegget inneber 350 000 kroner i redusert avgift i gjennomsnitt for rullestoldrosjane.

Departementet anslår at framlegget vil redusere staten sine inntekter med om lag 50 mill. kroner årleg, med påløpt verknad på om lag 25 mill. kroner i 2024 og bokført verknad på om lag 20 mill. kroner i 2024.

Departementet syner til framlegg om endring av vedtak om engangsavgift §§ 3 og 8.

4 Teknisk tilpassing til ny AFP i offentleg sektor

Stortinget har vedteke ei ny ordning for avtalefesta pensjon (AFP) i offentleg sektor. Ny AFP i offentleg sektor er utforma etter mønster av AFP-ordninga i privat sektor. I samråd med Arbeids- og inkluderingsdepartementet foreslår Finansdepartementet tekniske tilpassingar i skatteloven, slik at skattereglane òg får same innretting som i privat sektor.

Forslaget til lovendringar om avtalefesta pensjon i offentleg sektor vart lagt fram av Arbeids- og inkluderingsdepartementet i Prop. 35 L (2023–2024) *Endringer i lov om avtalefestet pensjon for medlemmer av Statens pensjonskasse og enkelte andre lover (ny avtalefestet pensjon)*. Det bygde på avtale mellom partane i offentleg sektor i 2018.

Lovendringane vart vedtekne av Stortinget i mars 2024.

Den nye ordninga er utforma etter mønster av AFP-ordninga i privat sektor. Det betyr mellom anna at ny AFP vert eit livsvarig påslag (tillegg) til alderspensjonen frå folketrygda. Dagens AFP i offentleg sektor utgjer derimot ei sjølvstendig yting i alderen 62–66 år, før ein går over til alderspensjon frå folketrygda (og tenestepensjon) ved 67 år. Omlegginga inneber òg at ny AFP kan kombinerast med arbeidsinntekt utan at pensjonen vert redusert, mens dagens AFP vert redusert mot arbeidsinntekt når inntekta overstig eit toleransebeløp, jf. forskrift om kombinasjon av AFP og arbeidsinntekt § 2 første ledd.

Dei nye reglane skal gjelde frå og med 1963-kullet, som kan ta ut pensjon frå 2025 når dei fyller 62 år. Dette krev tekniske tilpassingar i skattereglane for offentleg AFP frå 2025, slik at innrettinga av skattereglane òg blir den same som for privat AFP frå og med 1963-kullet. Departementet meiner det er formålstenleg å vedta endringane i samband med revidert budsjett, slik at dei er på plass i god tid før krav om å motta pensjon frå januar 2025 må setjast fram.

Den tekniske tilpassinga gjeld det særskilde skattefrådraget for pensjonsinntekt som AFP- og alderspensionistar får etter skatteloven § 16-1 (pensjonsskattefrådraget). Maksimalt frådrag vert gradert i tråd med uttaksgaden for pensjonen. Det same gjeld innslagspunktata for nedtrapping av frådraget. Fordi offentleg AFP i dag er ei sjølvstendig yting, er storleiken på pensjonsskattefrådraget knytt til graderinga av AFP. Med offentleg AFP som påslag til alderspensjonen, vert ikkje AFP-påslaget gradert, og storleiken på pensjonsskattefrådraget må framover graderast ut frå uttaksgaden for alderspensjonen frå folketrygda. Desse reglane har gjeldt for AFP i privat sektor frå 2011, då privat AFP vart eit påslag til alderspensjon. På same måte vil det, som i privat sektor, formelt vere alderspensjonen frå folketrygda som gjev rett til pensjonsskattefrådraget.

Lovteknisk foreslår departementet at skatteloven § 16-1 første ledd bokstav b om pensjonsskattefrådrag for pensjon etter lov om AFP for medlemmer av Statens pensjonskasse eller tilsvarande avtaler/ordningar, vert avgrensa til AFP etter kapittel 1 i den lova (og tilsvarande avtaler/ordningar). Det samsvarar med at den gamle ordninga for AFP i offentleg sektor vil vere regulert i kapittel 1 etter dei vedtekne lovendringane, mens den nye ordninga vert regulert i kapittel 2. Personar som mottek ny AFP i offentleg sektor, får dermed i staden pensjonsskattefrådrag etter skatteloven § 16-1 første ledd bokstav a ved å ta ut alderspensjon frå folketrygda, som for privat AFP. Tilsvarande skal frådraget

for desse då graderast ut frå pensjonsgraden i folketrygda, etter skatteloven § 16-1 andre ledd bokstav a. Det same gjeld innslagspunktet for nedtrapping, jf. tredje ledd.

Endringa i lov om AFP for medlemmer av Statens pensjonskasse tek til å gjelde 1. januar 2025, jf. res. 12. april 2024 nr. 614. Før denne endringa er ikkje lova delt inn i kapittel. Departementet foreslår difor at endringa i skatteloven som viser til kapittel 1, òg tek til å gjelde frå 1. januar 2025. Endringa får verknad frå inntektsåret 2025.

Endringa gjeld for pensjonsuttak frå og med 2025 og gjev ingen provenyverknader i 2024. Departementet legg til grunn at endringa heller ikkje gjev vesentlege provenyverknader i 2025.

Førebels utgåve

5 Endring av skatteloven § 9-14 om skattlegging av verdipapirfond ved utflytting

5.1 Innleiing og samandrag

Etter fritaksmetoden i skatteloven § 2-38 er mellom anna aksjeselskap og verdipapirfond som hovedregel ikkje skattepliktig for gevinst ved realisasjon av aksjar innanfor og utanfor EØS. For investeringar i selskap utanfor EØS gjeld fritaksmetoden likevel ikkje lågskatteland og såkalla porteføljeinvesteringar. Av konkurransemessige omsyn er verdipapirfond etter skatteloven § 10-20 fritekne for skatteplikt ved realisasjon av aksjar i selskap utanfor EØS.

Verdipapirfond kan etter skatteloven § 11-11 åttande ledd i tre ulike høve inngå i skattefri fusjon, jf. lovframlegget i Prop. 1 LS (2023–2024) *Skatter og avgifter 2024*, punkt 5.7. Dersom verdipapirfondet etter ein slik fusjon mister si skattemessig tilhøyrslle til Noreg, utløyser det utflyttingsskatt etter skatteloven § 9-14.

I skatteloven § 9-14 fjerde ledd bokstav b er det gjort unntak frå skatteplikt ved utflytting av fondet for aksjar fondet eig som er omfatta av fritaksmetoden, jf. skatteloven § 2-38. Det er i skatteloven § 9-14 ikkje fritak for utflyttingsskatt for aksjar i selskap utanfor EØS. På grunn av krav om å spreie investeringane, har verdipapirfond regelmessig såkalla porteføljeinvesteringar, som ikkje er skattefrie etter fritaksmetoden.

Skattefritak ved realisasjon og ikkje ved utflytting i samband med elles skattefri fusjon framstår ikkje konsekvent. Departementet gjer difor framlegg om å endre skatteloven § 9-14 fjerde ledd, bokstav b, slik at utflytting ikkje utløyser skatteplikt for aksjar i selskap utanfor EØS for verdipapirfond ved eit slikt høve. For andelseigarane i fondet vert det ikkje gjort endringar.

5.2 Gjeldande rett

Norske verdipapirfond er skattepliktige som eige skattesubjekt etter skatteloven § 2-2 første ledd bokstav e. Utanlandske fond er skattepliktige etter same føresegn når deltararane har avgrensa ansvar for fondet sine skyldnader. Skatteloven § 10-20 har nærmare reglar for skattlegging av verdipapirfond og andelseigarane i verdipapirfond.

Etter fritaksmetoden i skatteloven § 2-38 er blant anna aksjeselskap og verdipapirfond som hovedregel ikkje skattepliktig for gevinst ved realisasjon av aksjar innanfor og utanfor EØS. For investeringar i selskap utanfor EØS gjeld fritaksmetoden likevel ikkje lågskatteland og såkalla porteføljeinvesteringar. Fritaksmetoden gjeld mellom anna heller ikkje for investeringar i lågskatteland innanfor EØS om selskapet ikkje er reelt etablert der.

Av konkurransemessige omsyn er verdipapirfond etter skatteloven § 10-20 òg fritekne for skatteplikt ved realisasjon av aksjar i selskap utanfor EØS. Skattefritaket i skatteloven § 10-20 andre ledd gjer at verdipapirfond kan konkurrere på like vilkår som fond som høyrer heime i andre EØS-statar om dei investeringar norske kundar gjer i internasjonale

verdipapir i selskap utanfor EØS. Fritaksregelen i skatteloven § 10-20 annet ledd avløyste den tidlegare fritaksregelen i skatteloven § 10-31 tredje ledd som vart endra i samband med innføringa av fritakmetoden, jf. Ot.prp. nr. 92 (2004–2005). I proposisjonen er dette omtalt i kapittel 6 *Innføring av skattefritak for gevinster som aksjefond opptjener i land utenfor EØS-området*. Her er det mellom anna uttalt:

«Tidligere var gevinster skattefrie på fondets hånd uavhengig av hvor de var opptjent. Norske aksjefond, som helt eller delvis investerer i markeder utenfor EØS, vil ha en konkurransemessig ulempe sammenlignet med aksjefond som forvaltes fra andre jurisdiksjoner innenfor EØS. Disse fondene kan, dersom de er etablert innenfor EØS-området og oppfyller kravene som stilles i rådsdirektiv 85/611/EØF, markedsføres overfor norske investorer på lik linje med fond som er etablert her i landet.»

Etter føresetninger i verdipapirfondloven kan verdipapirfond som er UCITS-fond, inngå i ein fusjon med norske verdipapirfond. UCITS-fond er verdipapirfond som verdipapirrettsleg hører heime i ein EØS-stat.

Etter endringar vedteke i samband med skatteopplegget for 2024, kan verdipapirfond òg fusjonere skattefritt på vilkår om kontinuitet, i tre ulike høve, jf. skatteloven § 11-11 åttande ledd:

- fusjon der overdragande verdipapirfond hører heime i Noreg,
- fusjon der både overdragande og overtakande verdipapirfond hører heime i utlandet og
- fusjon der overtakande verdipapirfond hører heime i Noreg.

For å trygge det norske skattefundamentet er det reglar om skattlegging ved utflytting eller uttak frå norsk skattleggingsområde i skatteloven § 9-14. Desse reglane gjeld i utgangspunktet òg ved grenseoverskridande fusjon og fisjon. Fører fusjonen til at eidegar, rettar og skyldnadane knytt til det overdragande fondet vert teke ut av norsk skattleggingsområde, skal reglane om skatteplikt/frådragsrett etter skatteloven § 9-14 og § 14-27 gjelde på same vis som i andre høve der eidegar mv. mister si knyting til norsk skattleggingsområde, jf. skatteloven § 11-11 tredje ledd og § 11-11 åttande ledd. Etter skatteloven § 9-14 fjerde ledd bokstav b, er det likevel gjort unntak frå skattlegging ved utflytting for gevinst som på tidspunktet for utflyttinga er fritekne for skatteplikt etter skatteloven § 2-38. Unntaket for skatteplikt ved utflytting i skatteloven § 9-14 fjerde ledd bokstav b, gjeld òg for verdipapirfond.

Etter skatteloven § 2-38 er verdipapirfond som hovudregel fritekne for skatteplikt ved realisasjon av aksjar innanfor EØS og for porteføljeinvesteringar utanfor EØS. Etter skatteloven § 10-20 andre ledd er verdipapirfond fritekne for skatteplikt på gevinst, og har ikkje rett til frådrag for tap, ved realisasjon av aksjar i selskap som hører heime i land utanfor EØS.

Den uttrykkelege heimelen for skattefritak ved utflytting svarar berre til det som gjeld ved realisasjon av aksjar som er omfatta av fritaksmetoden, jf. skatteloven § 9-14 fjerde ledd, bokstav b, jf. § 2-38. For aksjar som er skattefrie ved realisasjon etter skatteloven § 10-20 andre ledd, er det ikkje heimel for skattefritak ved utflytting.

5.3 Vurderingar og framlegg

Ovanfor er det gjort greie for at verdipapirfond kan inngå i skattefri fusjon etter skatteloven § 11-11 åttande ledd. Når det norske fondet er det overdragande fondet i fusjonen, kan det verte utløyst utflyttingskatt etter skatteloven § 9-14 for aksjar fondet eig i selskap utanfor EØS.

I skatteloven § 9-14 fjerde ledd om utflyttingsskatt er det gjort unntak for skattlegging ved utflytting for aksjar som på tidspunktet for utflyttinga kunne vorte realisert skattefritt etter skatteloven § 2-38. Når verdipapirfond kan realisere aksjar både innanfor og utanfor EØS skattefritt, talar omsynet til konsistens og likskap for at det ikkje bør verte skattlegging av aksjar i selskap utanfor EØS ved utflytting.

Det vert etter departementet si oppfatning betre samanheng i regelverket om eit verdipapirfond kan realisere aksjar i selskap utanfor EØS skattefritt, og heller ikkje verte skattepliktig for gevinst ved utflytting på dei same aksjane om den skattemessig knytinga til Noreg tek slutt. Eventuelle andre eidedelar eit verdipapirfond måtte eige, vil vere skattepliktige ved utflytting, om det etter skatteloven § 9-14 fjerde ledd ikkje er grunnlag for skattefritak. Føremålet med framlegget er å leggje til rette for fusjon som er skattefri etter skatteloven § 11-11 åttande ledd.

Departementet gjer difor framlegg om at det òg ved utflytting skal vere eit uttrykkeleg fritak for skattlegging for aksjar som eit verdipapirfond eig i selskap utanfor EØS. Ei slik endring gjer at utflytting av verdipapirfond ikkje utløser skatteplikt for gevinst på aksjar, uansett om det er aksjar i selskap innanfor EØS som er omfatta av fritaksmetoden, eller utanfor EØS.

Departementet gjer framlegg om at fritaket for utflyttingsskatt i desse tilfella berre bør ha verknad for tilfelle der utflyttingskatten vert utløyst av ein fusjon som er skattefri etter § 11-11 åttande ledd. Det vert vist til grunngivinga i Prop. 1 LS (2023–2024) *Skatter og avgifter 2024*, punkt 5.7.4.

Det vert vist til endring av skatteloven § 9-14 fjerde ledd, bokstav b.

5.4 Økonomiske og administrative følgjer

Dei administrative og økonomiske følgjene for næringslivet og skatemyndighetene vil verte svært avgrensa.

Dei provenymessige verknadene er svært avgrensa.

5.5 Iverksetjing

Departementet gjer framlegg om at endringa tek til å gjelde straks.

6 Endring av produktavgifta i fiskerinæringa

Fiskarane betalar ei trygdeavgift på 7,8 pst., som er lågare enn trygdeavgifta på næringsinntekt elles. Produktavgifta i fiskerinæringa skal dekkje mellomlegget mellom 7,8 pst. og 11,0 pst. i trygdeavgifta på næringsinntekt i tillegg til å dekkje kollektiv medlemspremie til yrkesskadetrygd, kollektiv forsikring for tilleggssjukepengar for manntalsførte fiskarar og utgifter til stønad til arbeidslause i næringa. I statsbudsjettet for 2024 vart det vedteke å setje produktavgifta til 1,9 pst. for 2024.

Produktavgifta er berekna på bakgrunn av innhenta prognosar for komande års førstehandsverdi av fisket og prognosar for utgiftene som produktavgifta er meint å dekkje. Uvisse i prognosane gjer det vanskeleg å fastsetje riktig sats for komande år.

Nærings- og fiskeridepartementet har innhenta reviderte prognosar på førstehandsverdien av fisket i 2024, i tillegg til prognosar for utbetalingar av dagpengar og sjukepengar til fiskarane. På bakgrunn av dette tilrår Nærings- og fiskeridepartementet at satsen for andre halvår 2024 vert sett til 2,0 pst. Det kjem hovudsakleg av at utbetalte dagpengar og sjukepengar til fiskarane er forventa å gå opp i 2024.

Departementet foreslår å auke produktavgifta til 2,0 pst. frå 1. juli 2024 i tråd med tilrådinga frå Nærings- og fiskeridepartementet.

Departementet syner til framlegg om endring i Stortinget sitt vedtak om produktavgift til folketrygda for fiskeri-, kval- og selfangstnæringane for 2024.

7 Tilleggsavtale med USA om forsvarssamarbeid

7.1 Innleiing og samandrag

Noreg underteikna 16. april 2021 tilleggsavtale mellom Noreg og USA om forsvarssamarbeid (SDCA). SDCA tok til å gjelde 17. juni 2022. SDCA etablerer eit oppdatert rammeverk for amerikansk militært nærvær på norsk territorium. Avtalen omhandlar eit breitt spekter av reglar for den praktiske gjennomføringa av amerikansk aktivitet, som mellom anna inn- og utreise, jurisdiksjon, skatte- og avgiftsfritak og bruk av kontraktørar. Sjå Prop. 89 L (2021–2022), Prop. 90 S (2021–2022) og Prop. 73 S (2023–2024) for ein nærmare omtale av bakgrunnen for og innhaldet i SDCA.

SDCA gjev USA uhindra tilgang til, og rett til bruk av, såkalla «omforente områder». Dette er fasilitetar og område på norsk territorium som kan nyttast til nærmare bestemte militære føremål. Det er planlagt omfattande amerikanske investeringar i infrastruktur, mellom anna på Rygge. Der er dei planlagde investeringane på om lag 2 mrd. kroner over ein periode på fem år. I februar 2024 gjorde regjeringa framlegg om Stortinget sitt samtykke til å inngå ein endringsavtale som gjeld inkludering av åtte nye «omforente områder», sjå Prop. 73 S (2023–2024).

SDCA kjem i tillegg til bilaterale avtaler med USA frå 1950-talet og framover, og NATOs troppestatusavtale frå 1951 (NATO SOFA). På fleire punkt går SDCA lenger enn det som følgjer av dei tidlegare avtalane. Det gjeld mellom anna artikkel XVI i SDCA, som fastset at det skal gjelde avgiftsfritak for anskaffingar til offisiell bruk. Avgiftsfritaka etter artikkel XVI omfattar ikkje berre omsetning direkte til amerikanske styrkar, men òg til den amerikanske styrken sine kontraktørar og underkontraktørar.

Etter artikkel XVI skal avgiftsfritaka prinsipalt verte gjennomførte på anskaffingstidspunktet (direkte fritak) og subsidiært som etterfølgjande refusjon. Dette er ikkje fullt ut gjennomført i norsk rett i dag. Ved omsetning til ein kontraktør eller underkontraktør som omset varer eller tenester som er unntakne frå merverdiavgiftsloven, gjeld det ikkje eit direkte fritak. I staden må kontraktørane søke om refusjon. For å bringe dei norske reglane betre i samsvar med artikkel XVI foreslår departementet at det i merverdiavgiftsloven vert fastsett ein heimel til å gje forskrift om direkte fritak i desse tilfella. Forslag til forskritsreglar vert sendt på høyring samstundes med framlegginga av Revidert nasjonalbudsjett.

Departementet syner til framlegg om endring av merverdiavgiftsloven § 6-13.

Departementet foreslår at endringa tek til å gjelde 1. juli 2024.

7.2 Gjeldande rett

Anskaffingar av varer og tenester «som a) er anskaffet for i siste instans å brukes av amerikanske styrker, b) skal forbrukes for å oppfylle en kontrakt med eller på vegne av amerikanske styrker, eller c) skal innlemmes i gjenstander eller fasiliteter som brukes av amerikanske styrker», skal vere fritekne for avgifter, jf. artikkel XVI nr. 1. Amerikanske

myndigheter skal leggje fram ei erklæring som bekreftar at anskaffinga er til bruk for amerikanske styrkar.

Fritaket omfattar både tilfelle der amerikanske styrkar sjølv skaffar varer eller tenester, og tilfelle der ein kontraktør eller underkontraktør skaffar varer eller tenester, såframt bruken av vara eller tenesta er omfatta av alternativa som er lista opp i artikkel XVI nr. 1.

Av artikkel XVI nr. 2 følgjer det at fritaket skal verte gjennomført på anskaffingstidspunktet (direkte fritak) viss den nemnde erklæringa vert lagt fram. Viss erklæringa ikkje vert lagt fram, eller viss seljaren ikkje er i stand til å gje fritak på anskaffingstidspunktet, skal fritaket verte innvilga ved etterfølgjande refusjon.

Omsetning av varer og tenester til militære einingar frå USA som oppheld seg i meirverdiavgiftsområdet, er friteken for meirverdiavgift, jf. merverdiavgiftsforskriften § 6-13-1 fyrste ledd, jf. merverdiavgiftsloven § 6-13. Det gjeld følgjeleg eit direkte fritak ved omsetning direkte til den amerikanske styrken.

I mange tilfelle vil det vere ei leveringskjede før vara eller tenesta vert levert til den amerikanske styrken. Viss leveringskjeda berre består av avgiftsregistrerte seljarar som omset avgiftspliktige varer eller tenester, sikrar retten til frådrag for inngående meirverdiavgift og fritaket i merverdiavgiftsforskriften § 6-13-1 at leveransen til den militære eininga er friteken for meirverdiavgift.

Viss det i leveringskjeda er ei verksemd som har omsetning som er unntaken frå merverdiavgiftsloven, gjeld ikkje fritaket i merverdiavgiftsforskriften ved omsetning til denne verksemda. Dermed oppstår det ein meirverdiavgiftskostnad hos verksemda med omsetning som er unntaken frå loven. I desse tilfella kan verksemda søke om refusjon for meirverdiavgiftskostnaden. Etter merverdiavgiftsforskriften § 10-3-1 fyrste ledd bokstav c, jf. merverdiavgiftsloven § 10-3, vert det refundert inngående meirverdiavgift ved kjøp av varer og tenester til offisiell bruk for amerikanske styrkar, og ved kjøp av «varer og tjenester som skal brukes ved utførelsen av en avtale med eller på vegne av amerikanske styrker, eller som skal inngå som del i produkter eller anlegg som brukes av amerikanske styrker».

7.3 Vurderingar og framlegg

Departementet har etter dialog med Forsvarsdepartementet sett eit behov for å opne for direkte fritak òg i tilfelle der det i leveringskjeda er ei verksemd som har omsetning som er unntaken frå merverdiavgiftsloven. Likviditetsbelastninga ved dagens refusjonsordning kan verte betydeleg, ikkje minst i kontraktar om byggje- og anleggsarbeid. Eit direkte fritak vil òg vere ei administrativ enklare løysing for den amerikanske styrken og deira kontraktørar.

Eit praktisk tilfelle er der den amerikanske styrken inngår ein kontrakt om byggje- eller anleggsarbeid med ei verksemd som ikkje har forretningsstad eller heimstad i meirverdiavgiftsområdet. Desse verksemndene skal vere «unntatt norske lover og forskrifter med hensyn til (...) registrering av foretak og selskaper utelukkende når det gjelder levering av varer og tjenester til amerikanske styrker på norsk territorium», jf.

artikkel XXVI nr. 1. Unntaket frå plikta til å registrere seg i Merverdiavgiftsregisteret er gjennomført ved merverdiavgiftsloven § 3-33, som fastset at «[d]epartementet kan treffe enkeltvedtak om unntak fra loven ved omsetning av varer og tjenester fra næringsdrivende som ikke har forretningssted eller hjemsted i merverdiavgiftsområdet til militære enheter fra USA», sjå Prop. 89 L (2021–2022).

Departementet foreslår å endre merverdiavgiftsloven § 6-13 første punktum. Etter denne kan departementet «på grunnlag av traktater og andre internasjonale avtaler gi forskrift om at omsetning av varer og tjenester til bestemte internasjonale militære styrker og kommandoenheter, er fritatt for merverdiavgift». Heimelen til å gje forskrift er i dag avgrensa til omsetning direkte til bestemte internasjonale militære styrkar eller kommandoeiningar. Regjeringa foreslår å endre dette slik at departementet òg kan gje forskrift om fritak ved omsetning til verksemder som leverer varer eller tenester til bruk for bestemte internasjonale militære styrkar eller kommandoeiningar. Departementet syner til framlegg til endring av merverdiavgiftsloven § 6-13.

Fritaket og reglar om den nærmere avgrensinga av dette vil verte gjevne i merverdiavgiftsforskriften § 6-13-1. Departementet syner til framlegg frå Skattedirektoratet om endring av merverdiavgiftsforskriften, som vert sendt på høyring samstundes med framlegginga av Revidert nasjonalbudsjett. Der er det foreslått at fritaket skal omfatte omsetning av varer og tenester til verksemder med omsetning som er unnteken frå merverdiavgiftsloven, såframt varene og tenestene er til slik bruk som kvalifiserer til fritak etter artikkel XVI nr. 1 i SDCA. Vidare er det foreslått krav til dokumentasjon i form av salsdokument og stadfesting frå kjøparen for kva for eit føremål anskaffinga er til. Det vert lagt opp til at forskrifta tek til å gjelde frå same tid som lovendringa.

7.4 Økonomiske og administrative følgjer

Eit direkte fritak vil vere ei administrativ forenkling for verksemndene som omset varer og tenester som er unntekne frå merverdiavgiftsloven, då dei slepp å søke om refusjon. Dei slepp òg likviditetsbelastninga med fyrst å måtte betale meirverdiavgift for så å få avgifta refundert i etterkant.

Verksemndene som omset varer og tenester til verksemndene nemnd i avsnittet ovanfor, vil måtte administrere eit direkte fritak. Det inneber at dei frå kjøparen må få framlagt erklæringa om at leveransen er til bruk for amerikanske styrkar. Deretter må dei fakturere leveransen utan meirverdiavgift. Denne handsaminga av eit direkte fritak vil gje ei noko auka administrativ bør på desse verksemndene, men departementet legg til grunn at meirarbeidet vil vere lite.

Skatteetaten vil ved endringa sleppe å handsame søknadar om refusjon av meirverdiavgift. På den andre sida kan eit direkte fritak gje eit noko auka kontrollbehov.

Framlegget har ikkje nemneverdige konsekvensar for provenyet.

7.5 Iverksetjing

Departementet foreslår at endringa tek til å gjelde frå 1. juli 2024.

Førebels utgåve

8 Redusert CO₂-avgift for kvotepliktig sjøfart

Utslepp frå skip over 5 000 bruttotonn vart innlemma i EUs kvotesystem frå 1. januar 2024. Kvoteplikta vert gradvis innført slik at det skal leverast kvotar tilsvarende 40 pst. av utsleppa i 2024 og 70 pst. i 2025. I 2026 vil det vera kvoteplikt for alle utslepp.

Kveteplikta omfattar både innanriks og utanriks sjøfart.

Det er grunn til å tru at om lag ei tredjedel av norske utslepp frå skipsfart no er omfatta av kvoteplikt. Sjølv om utsleppa er kvotepliktige, vil dei framleis inngå i Noregs forpliktingar under innsatsfordelingsforordninga, noko som inneber at Noreg er forplikta til å redusera desse.

Utanriks sjøfart er friteken for avgift. I samband med budsjettet for 2024 vart det vedteke ein redusert sats i CO₂-avgifta på mineralske produkt til kvotepliktig sjøfart på 766 kroner per tonn CO₂. Satsen er sett slik at den samla karbonprisen (kvote og avgift) som blir lagd på kvotepliktige utslepp frå sjøfart, svarer til avgifta på dei ikkje-kvotepliktige utsleppa under innsatsfordelinga. Satsen er ikkje sett i kraft i påvente av avklaringar med ESA om han utgjer foreinleg statsstøtte.

Provenytapet av den reduserte satsen vart berekna under føresetnad av at den reduserte satsen skulle gjennomførast som ein årleg etterskotsvis refusjon, mellom anna på bakgrunn av tilrådingar frå Skatteetaten. Med ei refusjonsordning kunne den reduserte satsen få verknad frå 1. januar 2024. Refusjonsordninga vart anslått å gje moderate administrative kostnader for Skatteetaten, men vil vere ei likviditetsulempe for dei næringsdrivande, som må venta opp mot halvtanna år før dei får refundert avgifta.

Etter nye vurderingar har Skatteetaten konkludert med at satsen kan gjennomførast som eit direkte fritak slik at dei kvotepliktige kan kjøpa drivstoffet frå registrerte verksemder med redusert sats. Ved kjøp frå ikkje-registrerte verksemder kan det søkjast om refusjon. Ei slik innretning vil gje vesentleg lågare administrative kostnader for Skatteetaten og redusere likviditetsulempa for dei næringsdrivande. Direkte fritak kan berre bli gjeve framover i tid.

Dei varige fordelane for det offentlege og næringslivet av å gjennomføra satsen som eit direkte fritak taler klart for ei slik innretning. Samstundes er det rimeleg at det blir gjeve refusjon for avgift for månadene som har gått. Departementet legg difor opp til å gjennomføra den reduserte satsen som eit direkte fritak ved kjøp frå registrerte næringsdrivande og at det vert gjeve refusjon for perioden 1. januar 2024 og fram til det direkte fritaket vert innført. Slik vil alle anskaffingar av drivstoff i 2024 reelt sett bli omfatta av den reduserte satsen. Forslaget medfører ei endring i provenytapet i 2024, som i saldert budsjett var rekna til 300 mill. kroner påløpt og 0 mill. kroner bokført. Med ei iverksetjing av direkte fritak frå 1. juni, blir provenytapet 300 mill. kroner påløpt og 150 mill. kroner bokført.

9 Auka sektoravgift under Nasjonal kommunikasjonsmyndighet

Nasjonal kommunikasjonsmyndighet (Nkom) er ei utøvande tilsyns- og forvaltningsmyndighet underlagd Digitaliserings- og forvaltningsdepartementet. Nkom har som overordna mål å leggje til rette for eit likeverdig og sikkert tilbod av post- og ekomtenester over heile landet. Tilboden skal vere robust, med tilstrekkeleg kapasitet og funksjonalitet, framtidsretta, av høg kvalitet og til rimelege prisar. For å dekke kostnader til kontingen for norsk deltaking i BEREC (Body of European Regulators for Electronic Communications) og auke Nkom sin kapasitet på datasenterområdet vert det foreslått å auke sektoravgifta under Nkom med 5,05 mill. kroner. Det vert synt til omtale i Prop. 104 S (2023–2024) *Tilleggsbevilgninger og omprioriteringer i statsbudsjettet 2024.*

Førebels utgåve

10 Opprettingar og presiseringar m.m.

10.1 Svalbardskatteloven

Svalbardskatteloven § 3-1 har føresegner om skattlegging ved lønstrekk. Fyrste ledd bestemmer korleis skatten skal bereknast av løn, pensjonar og andre ytingar som nemnde i skatteloven § 12-2 bokstavane a, b, c og j.

Med verknad frå 1. januar 2024 vart det gjennomført ei omlegging av etterlatneytingane frå folketrygda. Omlegginga inneber blant anna at pensjon og overgangsstønad til gjenlevande ektefelle og tidlegare familiepleiar er erstatta av ein ny tidsavgrensa omstillingsstønad. Den nye ytinga skal skattleggjast som løn, og ikkje pensjon. Omstillingsstønad til gjenlevande ektefelle mv. er teken inn i ei eiga føresegn i skatteloven § 12-2 ny bokstav k, jf. lov 20. desember 2023 nr. 102 om endringer i skatteloven.

Det skal framleis gjennomførast lønstrekk i etterlatneytingar til gjenlevande ektefelle mv. Det er difor naudsynt at § 3-1 òg viser til skatteloven § 12-2 bokstav k.

Departementet syner til framlegg om endring i svalbardskatteloven § 3-1 fyrste ledd fyrste punktum. Departementet foreslår at endringa tek til å gjelde straks med verknad frå og med inntektsåret 2024.

Departementet gjer og framlegg om endringar i andre føresegner i Svalbardskatteloven. Endringane vert gjort for å rette kommafeil og gi meir konsistent bruk av forkortingar i lova. Endringane har ikkje materiell verknad. Departementet syner til framlegg om endring i Svalbardskatteloven § 1-3 anna ledd, § 1-4 fyrste ledd, § 2-1 fyrste ledd fyrste punktum, § 2-2 anna ledd fyrste punktum, § 2-3 fyrste ledd fyrste punktum, § 2-4 fyrste punktum og § 5-6 sjette ledd. Departementet foreslår at endringane tek til å gjelde straks.

10.2 Skatteloven § 5-42

Skatteloven § 5-42 bokstav d har tilvising til «lov om sosiale tjenester i arbeids- og velferdsforvaltningen». Departementet foreslår at tilvisinga vert endra til lova sin offisielle korttittel «sosialtjenesteloven». Offisiell korttittel blir nytta i tilvisinga til «integreringsloven» i same føresegn. Forslaget er òg i tråd med forslaget til endring i skatteloven § 6-32 og folketrygdloven § 23-3.

Departementet syner til framlegg om endring i skatteloven § 5-42 bokstav d. Departementet foreslår at endringa tek til å gjelde straks.

10.3 Skatteloven § 6-32

Kvalifiseringsstønad etter sosialtjenesteloven vert skattlagd på same måte som lønsinntekt. Ytinga skal ileggjast trygdeavgift med mellomsats, jf. folketrygdloven § 23-3 andre ledd nr. 2 bokstav e. Det vert òg gjeve minstefrådrag i kvalifiseringsstønad etter (den høgare) satsen som gjeld for løn, men det framgår ikkje av skatteloven § 6-32 om

berekning av minstefrådrag. Kvalifiseringsstønad er ikkje nemnd i andre punktum, som fastset kva trygdeytingar som skal ha minstefrådrag som for løn.

Departementet foreslår ei endring i § 6-32 fyrste ledd bokstav a andre punktum, slik at det framgår at minstefrådrag for kvalifiseringsstønad etter sosialtjenesteloven skal bereknast etter same sats som for løn.

Departementet syner til framlegg om endring i skatteloven § 6-32 fyrste ledd bokstav a andre punktum. Departementet foreslår at endringa tek til å gjelde straks.

10.4 Skatteloven § 10-40 og § 18-10 niande ledd

For vindkraftanlegg eigd av selskap med deltarfastsetting (ansvarlege selskap, kommandittselskap mv.), vert grunnrenteskatten fastsett etter den såkalla nettometoden. Det inneber at grunnrenteinntekta først vert fastsett for vindkraftanlegget. Dernest vert grunnrenteinntekta fordelt for kvart kraftanlegg på deltarane. Dette er den same metoden som i utgangspunktet vert nytta i grunnrenteskatten for vasskraftverk. For vasskraftverk gjeld eit unntak frå dette i skatteloven § 10-40 andre ledd andre punktum. For «selskaper og sameier som driver produksjon av vannkraft» vert skatten fastsett etter ein bruttometode «når deltakerne selger det vesentlige av kraftproduksjonen på selvstendig basis».

Departementet la i Ot.prp. nr. 23 (1995–1996) til grunn at nettofastsetting for slike produksjonsselskap ville påføre både skattytar og skattemyndigheter betydeleg meirarbeid, ettersom ein må fastsette marknadsprisar for alle uttak. Ved innføringa av grunnrenteskatt for vasskraft vart det difor innført bruttofastsetting for slike selskap. Bruttometoden inneber at deltarane skal «tilordnes en forholdsmessig andel av sameiers enkelte brutto inntekts- og fradragstopper. Dersom deltakerne i et sameie som driver kraftproduksjon selger hver sin andel av produksjonen på egen hånd, er det den enkeltes faktiske salgsinntekter som legges til grunn ved ligningen. Ved uttak av kraft til egen bruk, f.eks. i egen industribedrift, kommer derimot uttaksregelen til anvendelse», jf. i Ot.prp. nr. 23 (1995–1996) punkt 14.3.3.

Departementet antok i Prop. 2 LS (2023–2024) punkt 5.5.1 at det ikkje var behov for ein slik bruttometode for landbasert vindkraft. Det hadde ikkje kome innspel i høyringa som bad om ein slik regel, og ein var ikkje klar over at det fanst selskap som var organiserte slik som omtalt over. Sidan innføringa har departementet vorte merksam på at det er skattytarar med slik organisering, og meiner at dei bør skattleggjast etter same metode som tilsvarande skattytarar innanfor grunnrenteskatten for vasskraft. Departementet foreslår difor ei oppretting i skatteloven § 10-40 slik at vindkraftanlegg òg omfattast. Departementet foreslår vidare ei presisering i § 18-10 nytt niande ledd av at grunnrenteinntekta i kraftverk som vert skattlagt etter bruttometoden, vert fastsett for kvar deltarar, tilsvarande § 18-3 elevte ledd for vasskraft.

Departementet syner til framlegg om endring i skatteloven §§ 10-40 og 18-10 niande ledd. Gjeldande niande ledd blir tiande ledd. Departementet foreslår at endringa tek til å gjelde straks.

10.5 Skatteloven § 18-3 andre ledd nr. 2

I grunnrenteskatten for vasskraft er hovudregelen at kraft vert verdsett til spotmarknadspris når skattytar fastset grunnrenteinntekta, jf. skatteloven § 18-3 andre ledd. I samband med statsbudsjettet 2024 vart det foreslått og vedteke å utvide det såkalla industrikraftunntaket i grunnrenteskatten for vasskraft, jf. skatteloven § 18-3 andre ledd bokstav a nr. 2. Industrikraftunntaket inneber at skattytar på visse vilkår kan verdsetje kraft som vert levert i medhald av ei langsiktig kjøpekontrakt til kontraktspris. Sidan kraftskatterreforma har det blant anna vore eit vilkår for unntaket at avtalene må ha ei minstetid på sju år eller meir, jf. skatteloven § 18-3 andre ledd bokstav a nr. 2 andre punktum, jf. Finansdepartementet si forskrift til skatteloven (FSFIN) § 18-3-10.

I statsbudsjettet for 2024 foreslo regjeringa å utvide industrikraftsunntaket til òg å gjelde for avtalar med varighet på mellom tre og sju år. Det vil seie at minimum avtaleperiode vart redusert frå sju år til tre år. Framlegget var ein del av arbeidet til regjeringa med å leggje til rette for betre fastprisavtalar og meir føreseielege vilkår for næringslivet, jf. Prop. 1 LS (2023–2024) punkt 5.10. Avtalar på sju år eller meir er allereie regulert av skatteloven § 18-3 andre ledd bokstav a nr. 2 andre punktum, jf. FFSIN § 18-3-10.

Føresegna i nytt tredje punktum i skatteloven § 18-3 andre ledd bokstav a nr. 2 var meint å gi heimel for at slike avtaler som vert inngått 1. januar 2024 eller seinare òg kan ha ei varighet på mellom tre og inntil sju år, og vere omfatta av unntaket. Departementet ser at gjeldande ordlyd i skatteloven § 18-3 andre ledd bokstav a tredje punktum kan vere eigna til å misforstå. Frå departementet si side var det ikkje meininga at avtaler som vert inngått frå og med 1. januar 2024, må ha ei varighet på mellom tre og sju år for å verte omfatta av unntaket. Departementet foreslår å rette opp dette. Opprettinga forutset òg nokre justeringar i Finansdepartementet si forskrift til skatteloven. Departementet syner til framlegg om endring av skatteloven § 18-3 andre ledd bokstav a nr. 2. Departementet foreslår at endringa tek til å gjelde straks.

10.6 Skatteloven § 18-10 andre ledd

I Skatteloven § 18-10 andre ledd bokstav a nr. 1 er det unntak frå hovudregelen om spotmarknadspris for ulike prissikringar. Første punktum omtalar fysiske sikringsavtalar, og andre punktum finansielle sikringsavtalar. Ved ein feil er det i tredje punktum berre vist til at andre punktum gjeld avtalar inngåtte av selskap i same konsern, medan det er meint at dette og skal gjelde for fysiske sikringsavtalar. Departementet foreslår at ordlyden vert retta opp slik at både første og andre punktum gjeld for avtalar inngåtte av konsern forbunde selskap.

Departementet syner til framlegg om endring i skatteloven § 18-10 andre ledd bokstav a nr. 1 tredje punktum. Departementet foreslår at endringa tek til å gjelde straks.

10.7 Skatteloven § 18-10 tredje ledd bokstav a nr. 3

Skatteloven § 18-10 tredje ledd bokstav a nr. 3 regulerer berekninga av skattemessige avskrivningar for historiske investeringar knytte til vindkraftproduksjon. For å presisere at

retten til avskrivingar gjeld generelt for driftsmiddel knytte til kraftproduksjonen, foreslår departementet enkelte presiseringar i føresegna. Første punktum gjev uttrykk for hovudregelen, medan a. til f. er ei presisering av denne. Departementet foreslår ei presisering i c. for å tydeleggjere at retten til oppjustering gjeld generelt for dei driftsmidla knytte til kraftproduksjonen som kan avskrivast, og ikkje berre driftsmiddel som vert saldoavskrivne og/eller var omfatta av reglane om forserte lineære avskrivingar i skatteloven § 14-51. Departementet foreslår i tillegg å ta inn nye e. og f. for å gjera det tydeleg at ein ikkje kan krevje avskrivingar for, og at det i grunnlaget for avskrivingar ikkje kan inngå, (i) driftsmiddel som kan frådras umiddelbart (e.), eller (ii) driftsmiddel/aktiverte kostnader som grunnrente, typisk ytingar til grunneigar/kommunar (f.).

Departementet foreslår og ei presisering i tredje ledd bokstav a nr. 4, samt sjuande ledd, for å tydeleggjere at ein med «skattemessig verdi» i desse fråsegnene, siktar til skattemessig verdi av driftsmiddel i grunnrenteinntekta slik desse vert fastsette etter tredje ledd bokstav a nr. 3. Departementet foreslår og å flytte kravet om tilknyting lenger fram i ordlyden for å tydeleggjere at dette gjeld for alle driftsmiddel. I tillegg foreslår departementet eit nytt siste punktum for å tydeleggjere at driftsmiddel/aktiverte kostnader som genererer grunnrente (kostnader til grunneigar/kommunar) ikkje inngår i berekningsgrunnlaget for venterente.

I sjuande ledd bokstav a, foreslår departementet ei presisering av berekningsgrunnlaget for grunnrenteinntekt ved realisasjon av kraftverk som inneber at aktiverte kostnader til grunneigar, kommunar mv. skal frådras. Liknande føresegn gjeld for vasskraft, sjå skatteloven § 18-3 niande ledd bokstav a første punktum og havbruksverksemnd, sjå skatteloven § 19-11 bokstav a annet punktum.

Departementet syner til framlegg om endring i skatteloven § 10-18 tredje og sjuande ledd. Departementet foreslår at endringa tek til å gjelde straks.

10.8 Overgangsregel til skatteloven § 11-7 andre ledd

Skatteloven § 11-7 andre ledd vart endra med verknad frå og med inntektsåret 2023, slik at den skattemessige verdien på ei fordring etter konsernfusjon eller -fisjon skal setjast lik pålydande på fordringa, jf. lov av 20. desember 2023 nr. 98 IV og VII.

Føremålet med endringa var å forenkle reglane om utrekning av gevinst og tap ved realisasjon av fusjons- og fisjonsfordringar og å lovfeste skattefritakspraksis, jf. Prop. 1 LS (2023–2024) *Skatter og avgifter 2024* punkt 5.7. Etter endringa vil fusjons- og fisjonsfordringar normalt kunne konverterast til aksjekapital utan at det oppstår skattemessig gevinst eller tap, og det vil ikkje vera behov for å søkje departementet om skattefritak etter skatteloven § 11-21 tredje ledd.

I høyringsnotatet foreslo departementet at endringa skulle gjevast verknad frå og med inntektsåret 2024. Enkelte høyringsinstansar spelte inn at endringa burde gjevast verknad allereie frå inntektsåret 2023. Høyringsinstansane bad vidare departementet om å vurdere

overgangsreglar for selskap som hadde latente tap eller gevinstar knytt til urealiserte fusjons- og fisjonsfordringar, slik at desse selskapa kunne kome inn under dei nye reglane.

På bakgrunn av dei ovannemnde høyringsinnspeala vart verknadstidspunktet foreslått framskunda, og lovendringa vart vedteken med verknad frå og med inntektsåret 2023. Vidare vart det innført ein valfri overgangsregel, jf. endringslova VII. Overgangsregelen bestemmer at selskap som per utgangen av inntektsåret 2023 har ein latent skatteposisjon som følgje av at den skattemessige verdien på fordringa avvik frå fordringas pålydande (den rekneskapsmessige verdien av fordringa), kan velje å utlikne forskjellen utan skattlegging. For å sikre symmetri, er det vidare bestemt at valfridommen føreset at både mor- og datterselskap treffer same avgjerd.

Føremålet med overgangsregelen var å gje selskap som vert omfatta av endringa, fridom til å velje mellom å vidareføre forskjellen mellom skattemessig og rekneskapsmessig verdi eller å utlikne forskjellen skattefritt. I høyringsrunden vart det peika på at det kunne vera aktuelt for enkelte selskap å vidareføre forskjellen, dersom skattemessige verknader knytt til fordringane allereie var teke omsyn til i situasjonar med sal av selskap.

Revisorforeningen har gjort departementet merksam på at lovendringa har skapt problem i praksis. Dette gjeld situasjonar der det i løpet av 2023 – men før lovendringa i skatteloven § 11-7 andre ledd vart vedteken – er gjennomført ein fusjon eller fisjon og eit etterfølgjande sal av datterselskapet. I slike situasjonar kan det ved salet ha vorte teke omsyn til den latente skatten eller skattefordelen ved fastsetjing av vederlaget på aksjane. Sidan lovendringa i skatteloven § 11-7 andre ledd har verknad frå og med inntektsåret 2023, oppstår det likevel ikkje nokon mellombels forskjell på fordringa.

Revisorforeningen har opplyst at partane i nokre tilfelle kan akseptere ei reforhandling av avtalen, men at dette ikkje alltid er tilfelle. Revisorforeningen har spelt inn at dette kan løysast ved å gje selskapa høve til å velje å behalde den mellombelse forskjellen oppstått i 2023 før lovendringa.

Departementet syner til at føremålet med overgangsregelen tilseier at alle fordringar som har oppstått før lovendringa i skatteloven § 11-7 andre ledd vart vedteken, skal omfattast av overgangsregelen. Dette gjeld òg fordringar som har oppstått som følgje av ein konsernfusjon- eller fisjon i løpet av inntektsåret 2023, men der datterselskapet er selt før endringa i skatteloven § 11-7 andre ledd vart vedteken. Ved ein feil vert ikkje dette spegla i ordlyden i overgangsregelen.

Departementet foreslår difor at formuleringa i første punktum endrast. Vidare foreslår departementet at det i eit nytt andre punktum vert presisert at valfridomen gjeld tilsvarande for selskap som har vore part i ein konsernfusjon eller -fisjon før endringa i skatteloven § 11-7 andre ledd vart vedteken, og som ville hatt ein latent skatteposisjon etter tidlegare føresegr i skatteloven § 11-7 andre ledd. For ordens skuld foreslår departementet at det samstundes vert presisert i siste punktum at vilkåret om at mor- og datterselskap må treffe same avgjerd, gjeld mor- og datterselskap på tidspunktet da fordringa vart stifta. Det er dermed utan betydning om datterselskapet er selt, så lenge kreditor og debitor (oppHAVLEG mor- og datterselskap) treffer same avgjerd.

Departementet syner til framlegg om endringar i overgangsregelen til skatteloven § 11-7 andre ledd. Departementet foreslår at endringane tek til å gjelde straks.

10.9 Folketrygdloven § 23-3

I folketrygdloven § 23-3 andre ledd nr. 2 bokstav e står kvalifiseringsstønad med stor k, mens dei andre ytingane i bokstavane a til d og f til h står med liten forbokstav.

Departementet foreslår at skrivefeilen blir retta, slik at kvalifiseringsstønad i bokstav e står med liten k. Departementet foreslår òg å endre lovtilvisinga i bokstav e, fra «lov om sosiale tjenester i arbeids- og velferdsforvaltningen» til lova sin offisielle korttittel «sosialtjenesteloven».

Departementet syner til framlegg om endring i folketrygdloven § 23-3 andre ledd nr. 2 bokstav e. Departementet foreslår at endringa tek til å gjelde straks.

10.10 Merverdiavgiftsloven § 6-6 første ledd

Troms og Finnmark vart delt i to fylke med verknad frå 1. januar 2024. Det er difor naudsynt å rette ordlyden i merverdiavgiftsloven § 6-6 første ledd, slik at den omtalar dei to nye fylka rett.

Departementet syner til framlegg om endring i merverdiavgiftsloven § 6-6 første ledd. Departementet foreslår at endringa tek til å gjelde straks.

10.11 Stortinget sitt vedtak om avgift på elektrisk kraft § 1 andre ledd bokstav b

Troms og Finnmark vart delt i to fylke med verknad frå 1. januar 2024. Det er difor naudsynt å rette ordlyden i vedtaket frå Stortinget om avgift på elektrisk kraft § 1 andre ledd bokstav b, slik at vedtaket omtalar dei to nye fylka rett.

Departementet syner til framlegg om endring i vedtaket frå Stortinget om avgift på elektrisk kraft § 1 andre ledd bokstav b. Departementet foreslår at endringa tek til å gjelde straks.

10.12 Suppleringskatteloven – diverse føresegner

10.12.1 Opprettingar mv.

Suppleringskatteloven vart vedteke 12. januar 2024, og 26. mars 2024 vedtok Finansdepartementet ei forskrift til lova. Lova og forskriftena gjennomfører til saman hovuddelen av Inclusive Framework sitt modellregelverk om global minimumsskatt. Føremålet med regelverket er å sikre at store konsern betaler minst 15 prosent skatt av inntekta.

Inclusive Framework er eit forum der Noreg og over 140 andre land deltek. Forumet vart oppretta av OECD og G20-landa for å utarbeide reglar til motverking av flytting av overskot i store fleirnasjonale konsern.

Modellreglane vart publisert i desember 2021. Sidan har Inclusive Framework utarbeidd omfattande administrativ rettleiing til modellreglane. Den til no siste administrative rettleiinga vart utgjeve i desember 2023, og det er venta at det vert utgjeve ytterlegare rettleiingar i tida framover. Med «modellregelverket» siktar ein til det samla regelverket som omfattar både modellreglane og den administrative rettleiinga.

For at handsaminga av eit fleirnasjonalt konsern etter ulike land sine reglar om suppleringskatt vert riktig, er det avgjerande at modellregelverket vert tolka og praktisert på same måte i alle land som har reglar om suppleringskatt. Vidare er det, for å gjere det enklare å forstå og praktisere dei norske reglane, viktig at ein ikkje utan grunn nytter ulike ord og uttrykk der innhaldet er meint å vere det same.

I arbeidet med forskrifa mv. har departementet oppdaga nokre manglar i suppleringskatteloven. Dette gjeld i hovudsak føresegner der det ikkje er blitt fullt samsvar med modellregelverket, eller føresegner der ein har nytta andre ord enn dei som er nytta elles i lova eller forskrifta for å dekke det same meiningsinnhaldet. Departementet gjer framlegg om at dette vert retta slik at det blir meir konsistent ordbruk og betre samsvar med modellregelverket.

Den administrative rettleiinga som vart utgjeven i desember 2023, kom etter at forslaget til suppleringskatteloven vart lagt fram. Innhaldet i rettleiinga er difor ikkje teke med i suppleringskatteloven. Delar av rettleiinga er likevel gjennomført i forskrifta til lova.

Endringane det vert gjort framlegg om, omfattar hovudsakleg å:

- Erstatte «eierandel» med «eierinteresse» i fleire paragrafar og erstatte «eier» med «har» i to paragrafar
- Presisere at unntekne einingar ikkje er omfatta av reglane om suppleringskatt, jf. § 1-1 åttande ledd
- Ta inn at skyldnaden til å svare nasjonal suppleringskatt og gjeld for felleskontrollert verksemd og deira undereiningar, jf. § 2-6
- Presisere at det må gjerast same val for nasjonal suppleringskatt som for regelen om skatteinkludering, jf. § 2-6 fjerde ledd
- Oppheve § 3-1 femte ledd om høve til å bruke eit anna rekneskapsspråk ved fastsetting av nasjonal suppleringskatt
- Endre frå «en konsernenhets» til «konsernenhetene i en jurisdiksjon sin» i § 3-2 sjette ledd
- Ta inn i § 3-2 sjuande ledd bokstav a eit vilkår om at konsernet må ha samla overskot jurisdiksjonen
- Erstatte «forsikringsselskap» med «forsikringsforetak» i § 3-2 niande ledd
- Erstatte «og» med «eller» i § 3-3 første ledd siste punktum
- Erstatte «kjede av skattetransparente enheter» med «skattetransparent struktur» i § 3-5 første ledd fyrste punktum og § 7-1 fjerde ledd
- Fjerne alternativet «ikke anerkjent avsetning» frå § 4-2 tredje ledd bokstav a
- Erstatte «veksling» med «omregning» i § 4-2 åttande ledd bokstav f
- Erstatte «inntekt» med «poster» i § 4-3 andre ledd
- Inkludere i § 5-1 framgangsmåten for overskytande negativ skattekostnad beskrive i administrativ rettleiing
- Inkludere forsikringsinvesteringseiningar i § 5-2 tredje ledd

- Presisere i § 5-3 første ledd at det er høve til å krevja eit avgrensa frådrag
- Erstatte «foretaket» med «konsernenheten» i § 5-4 fjerde ledd
- Presisere i § 6-2 første ledd at armlengdeprinsippet i § 3-2 tredje ledd gjeld uavhengig av regnskapsføring
- Inkludere omtale i kommentaren om ny berekning når ein konserneining har forlate konsernet eller overført det vesentlege av egedelane i § 7-3 femte ledd
- Erstatte «aktiva» med «eiendeler» i § 7-3 sjuande ledd

Departementet syner til framlegg om endring i suppleringsskatteloven §§ 1-1, 2-6, 3-1, 3-2, 3-3, 3-5, 4-2, 4-3, 5-1, 5-2, 5-3, 5-4, 6-2, 7-1, 7-2, 7-3, 7-5 og 7-6.

10.12.2 Kontantstraumskatt og kvalifiserte refunderbare skattefrådrag

I Prop. 29 LS (2023–2024) avsnitt 14.5 uttalte departementet at ei bokstavtru tolking av modellregelverket i nokre høve kan gje ein svært låg effektiv skattesats som følgje av at skatteverdien av eit frådrag vert utbetalt til skattytar. Det vart òg uttalt at det etter departementet sitt skjøn er openbart urimeleg og i strid med føremålet at reglane utløyser suppleringsskatt i tilfeller der skattereglane er meint å gi ei høg, men nøytral ekstraskattlegging av grunnrente.

I tida etter at framlegget til suppleringsskatteloven vart fremja har departementet arbeidd meir med problemstillinga knytta til handsaming av utbetalingar under kontantstraumskatten. Departementet antar no at utbetalingar under kontantstraumskatten skal handsamast etter særreglane for kvalifiserte refunderbare skattefrådrag. Det inneber at utbetalingane ikkje skal redusere skatten ved berekninga av justert skatt, men at dei skal takast med som inntekt ved berekning av justert resultat, jf. suppleringsskatteloven § 4-1 andre ledd bokstav d og § 3-2 fjerde ledd første punktum.

Med den nye forståinga av reglane vil ikkje utbetalingar under kontantstraumskatten gje dei urimelege og føremålsstridige utsлага som er nemnt i forarbeida til suppleringsskatteloven. Det vil då ikkje vere behov for den særskilte praktiseringa av reglane som vart omtalt i Prop. 29 LS (2023–2024) avsnitt 14.5. Departementet legg til grunn at utbetalingar under kontantstraumskatten i staden vert handsama etter reglane for kvalifiserte refunderbare skattefrådrag. Ei slik praksis vil ha ei sterkare forankring i modellreglane og vera meir føreseieleg for skattytarane enn den løysinga som var beskrive i forarbeida til suppleringsskatteloven.

Finansdepartementet

tilrår:

At Dykker Majestet godkjenner og skriv under eit framlagt forslag til proposisjon til Stortinget om

- lov om endringar i skatteloven
- lov om endring i folketrygdloven
- lov om endringar i merverdiavgiftsloven
- lov om endringar i svalbardskatteloven
- lov om endringar i lov 20. desember 2023 nr. 98 om endringer i skatteloven
- lov om endringar i suppleringskatteloven

og

- vedtak om endringar i stortingsvedtak om avgifter på motorvogner mv.
- vedtak om endring i Stortinget sitt vedtak om avgift på elektrisk kraft
- vedtak om endring i stortingsvedtak om produktavgift til folketrygda for fiskeri-, kval- og selfangstnæringane

Vi HARALD, Noregs Konge,

stadfester:

Stortinget blir bedt om å gjøre vedtak til

- lov om endringar i skatteloven
- lov om endring i folketrygdloven
- lov om endringar i merverdiavgiftsloven
- lov om endringar i svalbardskatteloven
- lov om endringar i lov 20. desember 2023 nr. 98 om endringer i skatteloven
- lov om endringar i suppleringskatteloven

og

- vedtak om endringar i stortingsvedtak om avgifter på motorvogner mv.
- vedtak om endring i Stortinget sitt vedtak om avgift på elektrisk kraft
- vedtak om endring i stortingsvedtak om produktavgift til folketrygda for fiskeri-, kval- og selfangstnæringane

i samsvar med eit vedlagt forslag.

A – Forslag til lovvedtak

Forslag til lov om endringar i skatteloven

I

I lov 26. mars 1999 nr. 14 om skatt av formue og inntekt vert det gjort følgjande endringar:

§ 5-42 bokstav d skal lyde:

- d. introduksjonsstønad beregnet etter integreringsloven kapittel 5 og kvalifiseringsstønad etter *sosialtjenesteloven*.

§ 6-32 første ledd bokstav a andre punktum skal lyde:

Tilsvarende gjelder for minstefradrag i arbeidsavklaringspenger, uføretrygd etter folketrygdloven kapittel 12 og uføreytelser fra andre ordninger samt minstefradrag i overgangsstønad etter folketrygdloven § 15-5, *omstillingsstønad* etter folketrygdloven kapittel 17 og *kvalifiseringsstønad* etter *sosialtjenesteloven*.

§ 9-14 fjerde ledd bokstav b skal lyde:

- b. gevinst som på tidspunktet som nevnt i første ledd første punktum, ville vært frittatt for skatteplikt etter § 2-38. *Det samme gjelder gevinst som ville vært frittatt etter § 10-20 annet ledd, når utflyttingen er resultat av skattefri fusjon etter § 11-11- åttende ledd, eller*

§ 10-40 andre ledd skal lyde:

Bestemmelsene gjelder ikke for samarbeidsavtaler i petroleumsvirksomheten som nevnt i selskapsloven § 1-1 *fjerde ledd*. Bestemmelsene gjelder heller ikke for selskaper og sameier som driver produksjon av vannkraft *eller vindkraft*, når deltakerne selger det vesentlige av kraftproduksjonen på selvstendig basis.

§ 18-3 andre ledd bokstav a nr. 2 skal lyde:

2. Kraft som leveres i henhold til langsiktig kjøpekontrakt eller leieavtale inngått før 1. januar 1996 med uavhengig kjøper eller leietaker og med varighet på syv år eller mer, verdsettes til kontraktsprisen. Dette gjelder tilsvarende for kraft levert i henhold til tilsvarende fremtidige kontrakter på vilkår fastsatt av Stortinget, leieavtaler og andre kontrakter som nevnt i samsvar med avgrensninger og retningslinjer fastsatt av departementet i forskrift. *I tillegg skal kraft* levert i henhold til langsiktig kjøpekontrakt med uavhengig kjøper inngått fra og med 1. januar 2024, som ikke er levert i henhold til vilkår fastsatt av Stortinget, verdsettes til kontraktsprisen når kontrakten har varighet på fra og med tre år og inntil syv år. *Departementet fastsetter* avgrensninger og retningslinjer i forskrift.

§ 18-10 andre ledd bokstav a nr. 1 skal lyde:

Kraft som leveres i henhold til kjøpekontrakt mellom uavhengige parter inngått før 28. september 2022, verdsettes til kontraktsprisen. Kraft som leveres til spotmarkedspris, der det før 28. september 2022 er inngått avtale med uavhengig part om finansiell sikring mot spotmarkedsprisen i prisområdet der kraften er levert, eller mot nordisk systempris, verdsettes til sikret pris. *Første og annet* punktum omfatter avtaler om sikring som er inngått av konsernforbundet selskap, jf. § 10-4. Ved avtale om sikring som omfattes av annet punktum, skal gevinst eller tap knyttet til markedsutviklingen for elektrisk kraft for inntektsåret inngå i grunnrenteinntekten. Dette nummer gjelder avtaler som er inngått med formål om å prissikre leveranser av kraft fra vindkraftanlegg. Avtaler som har vært omfattet av § 18-3 annet ledd bokstav a nr. 2, omfattes ikke av dette nummer. Med uavhengig part menes kontraktspart som ikke har direkte eller indirekte interessefellesskap med selger, jf. § 13-1. Ved oppgjør før tiden av kjøpekontrakt som nevnt i første punktum, skal gevinsten eller tapet ved oppgjøret inngå i grunnlaget for grunnrenteskatt. Forrige punktum gjelder også ved oppgjør før tiden av avtale om sikring som nevnt i annet punktum, for så vidt gjelder gevinst eller tap for inntektsåret og gjenstående sikringsperiode. Den nærmere avgrensningen og retningslinjene for unntaket fastsettes av departementet i forskrift.

§ 18-10 tredje ledd bokstav a nr. 3 skal lyde:

Inntektsårets skattemessige avskrivninger, jf. kapittel 14, for driftsmidler som er knyttet til vindkraftproduksjonen:

- a) For skattepliktig som for inntektsåret 2023 eller tidligere inntektsår ikke har avskrevet driftsmidlene etter §§ 14-40 til 14-43 med maksimale satser, reduseres grunnlaget for avskrivninger som om maksimale satser var benyttet.
- b) For driftsmidler ervervet fra og med 19. juni 2015 til og med inntektsåret 2021, som har vært avskrevet etter de særskilte bestemmelsene i § 14-51, skal grunnlaget for avskrivninger etter første punktum fastsettes som om driftsmidlene ikke har vært avskrevet etter § 14-51, men som om driftsmidlene var avskrevet med maksimale satser etter §§ 14-40 til 14-43.
- c) Beregnet grunnlag for avskrivninger etter denne paragraf multipliseres med 1,4. Ved oppjustering etter første punktum kan samlet grunnlag for avskrivninger likevel ikke overstige 85 prosent av anskaffelsesverdien for anleggets fysiske avskrivbare driftsmidler. Departementet kan gi utfyllende bestemmelser i forskrift.
- d) Beregnet grunnlag for avskrivninger etter c. avskrives med like store årlige beløp over fem år.
- e) *Det ses bort fra avskrivninger for driftsmidler som omfattes av bokstav a nr. 6 første punktum.*
- f) *Det gis ikke fradrag for avskrivninger av ervervkostnader til grunn eller andre ytelser til grunneier, kommuner mv.*

§ 18-10 tredje ledd bokstav a nr. 4 skal lyde:

I tillegg gis et fradrag tilsvarende gjennomsnittet av de skattemessige verdiene i grunnrenteinntekten av driftsmidlene knyttet til kraftproduksjonen pr. 1. januar og 31. desember i inntektsåret, herunder ervervet forretningsverdi og immaterielle rettigheter, multiplisert med en normrente fastsatt av departementet i forskrift. Kostnader til driftsmidler som omfattes av tredje ledd bokstav a nr. 6 første punktum, inngår ikke ved beregningen av fradrag etter første punktum. Ved beregning av fradrag etter første punktum blir kostnader som skal behandles som en del av kostprisen for driftsmidler som nevnt, å hensynta fra og med inntektsåret det oppstår en ubetinget forpliktelse til å dekke eller innfri kostnaden. *Det ses bort fra aktiverte kostnader til erverv av grunn, ytelses til kommuner mv. ved beregning av fradrag etter denne bokstav.*

§ 18-10 sjuande ledd bokstav a skal lyde:

a) For overdrager skal det i realisasjonsåret beregnes grunnrenteinntekt tilsvarende vederlaget, fratrukket summen av skattemessig verdi i grunnrenteinntekten av driftsmidler som benyttes i kraftproduksjonen ved vindkraftanlegget, *aktiverte kostnader til erverv av grunn, ytelses til kommuner mv.* og eventuell negativ grunnrenteinntekt til fremføring, jf. fjerde ledd. Skattemessig verdi for driftsmidler som omfattes av tredje ledd bokstav a nr. 6 første punktum, inngår ikke ved beregningen av fradrag etter første punktum. Negativ differanse kan tilbakeføres og fradras i grunnrenteinntekt beregnet for det realiserte vindkraftanlegget for samme eller tidligere inntektsår, med tillegg av rente fastsatt av departementet i forskrift.

§ 18-10 niande ledd skal lyde:

I kraftverk som skattlegges etter en bruttometode, jf. § 10-40 annet ledd, fastsettes grunnrenteinntekt for hver deltaker.

Nåværende niende ledd blir nytt tiende ledd.

II

I lov 26. mars 1999 nr. 14 om skatt av formue og inntekt vert det gjort følgjande endring:

§ 16-1 første ledd bokstav b skal lyde:

b. mottar avtalefestet pensjon (AFP) etter lov 25. juni 2010 nr. 28 om avtalefestet pensjon for medlemmer av Statens pensjonskasse *kapittel 1* eller andre tilsvarende avtaler eller lovfestede ordninger,

III

Endringane under I tek til å gjelde straks fra og med inntektsåret 2024.

Endringa under II tek til å gjelde 1. januar 2025 med verknad fra og med inntektsåret 2025.

**Forslag
til lov om endring i folketrygdloven**

I

I lov 28. februar 1997 nr. 19 om folketrygd vert det gjort følgjande endring:

§ 23-3 andre ledd nr. 2 bokstav e skal lyde:
e. *kvalifiseringsstønad etter sosialtjenesteloven*,

II

Lova tek til å gjelde straks.

**Forslag
til lov om endringar i svalbardskatteloven**

I

I lov 29. november 1996 nr. 68 om skatt til Svalbard vert det gjort følgjande endringar:

§ 1-3 annet ledd skal lyde:

Med selskap menes aksjeselskap og allmennaksjeselskap samt likestilt selskap og sammenslutning som nevnt i skatteloven *kapittel 10, samt* boer etter slike.

§ 1-4 første ledd skal lyde:

Formues- og inntektsskatt etter denne lov kan ikke pålegges institusjoner mv. som omfattes av skatteloven § 2-30 første ledd bokstavene b og d og § 2-32 første og fjerde ledd.

§ 2-1 første ledd første punktum skal lyde:

Personer som er bosatt på *Svalbard*, skal svare skatt av hele sin formue og inntekt når ikke annet følger av denne lov.

§ 2-2 annet ledd første punktum skal lyde:

Personer som tar midlertidig opphold på Svalbard og der mottar ytelsjer som nevnt i skatteloven § 5-10 bokstav c, skal svare skatt til Svalbard av ytelsene dersom oppholdet

varer sammenhengende i minst 30 dager, og vedkommende var i aktivt arbeid på Svalbard da retten til utbetaling oppstod.

§ 2-3 første ledd første punktum skal lyde:

Selskaper som er hjemmehørende på *Svalbard*, *skal* svare skatt av hele sin inntekt når ikke annet følger av denne lov.

§ 2-4 første punktum skal lyde:

Selskaper som er hjemmehørende utenfor *Svalbard*, *skal* svare skatt av inntekt vunnet ved virksomhet utøvet på Svalbard, dersom virksomheten varer sammenhengende i minst 30 dager.

§ 5-2 sjette ledd skal lyde:

Er lønnstrekket for *lavt*, *skal* arbeidsgiver innbetale differansen. Arbeidsgiver som dekker en ansatts skatt etter foregående *punktum*, *kan* motregne regresskravet i lønn og annen godtgjørelse til den ansatte. Den ansatte kan holdes ansvarlig for beløpet når kravet i forhold til arbeidsgiver må anses som uerholdelig. Er lønnstrekket for *høyt*, *skal* differansen tilbakebetales den ansatte.

II

I lov 29. november 1996 nr. 68 om skatt til Svalbard vert det gjort følgjande endring:

§ 3-1 første ledd første punktum skal lyde:

Skatt av lønn, pensjoner og annen ytelse som nevnt i skatteloven § 12-2 bokstavene a, b, c, j og k, beregnes med en prosentvis fastsatt del av ytelsens bruttoverdi, jf. § 5-2.

III

Endringane under I tek til å gjelde straks.

Endringa under II tek til å gjelde straks med verknad frå og med inntektsåret 2024.

Forslag

til lov om endringar i merverdiavgiftsloven

I

I lov 19. juni 2009 nr. 58 om merverdiavgift vert det gjort følgjande endring:

§ 6-6 første ledd skal lyde:

(1) Omsetning av elektrisk kraft og energi levert fra alternative energikilder til husholdningsbruk i fylkene *Finnmark, Troms og Nordland*, er fritatt for merverdiavgift.

II

I lov 19. juni 2009 nr. 58 om merverdiavgift vert det gjort følgjande endringar:

§ 6-13 andre punktum skal lyde:

Det samme gjelder omsetning til virksomheter som leverer varer eller tjenester til bruk for bestemte internasjonale militære styrker og kommandoenheter.

§ 6-13 noverande andre punktum vert nytt tredje punktum.

§ 9-6 første til tredje ledd skal lyde:

(1) Denne paragrafen gjelder for personkjøretøy som brukes som utleiekjøretøy i yrkesmessig utleievirksomhet eller som middel til å transportere personer mot vederlag i persontransportvirksomhet. Fradragssført inngående merverdiavgift for slike personkjøretøy skal tilbakeføres dersom kjøretøyet i løpet av de åtte første årene etter registreringen selges eller omdisponeres til bruk som ikke ville gitt fradragssrett. Det samme gjelder dersom virksomheten senere blir unntatt fra loven. *Utførelsen av personkjøretøy utløser ikke plikt til å tilbakeføre fradragssført inngående merverdiavgift.*

(2) *Tilbakeføringsbeløpet fastsettes ved å multiplisere fradragssført inngående merverdiavgift med kjøretøyets verdi ved omdisponeringen og dividere med verdien ved fradragssføringen.*

(3) *For personkjøretøy som ble registrert på virksomheten i regnskapsår som utløp for mer enn fem år siden, kan tilbakeføringsbeløpet fastsettes ved å multiplisere anslått inngående merverdiavgift med personkjøretøyets verdi ved omdisponeringen og dividere med kjøretøyets anslatte verdi inklusive avgifter da kjøretøyet ble registrert på virksomheten.*

§ 9-6 noverande tredje og fjerde ledd vert fjerde og nytt femte ledd.

III

1. Endringa under I tek til å gjelde straks. Endringane under II tek til å gjelde 1. juli 2024.

2. Eigaren kan velje at merverdiavgiftsloven § 9-6 skal gjelde for køyretøyet slik denne føresegna lydde før 1. juli 2024 dersom køyretøyet er

- a. anskaffa før 1. juli 2024,
- b. anskaffa etter bindande kjøpekontrakt inngått før 14. mai 2024, eller
- c. uteidd etter bindande avtale inngått før 14. mai 2024.

Forslag til lov om endring i lov 20. desember 2023 nr. 98 om endringer i skatteloven

I

I lov 20. desember 2023 nr. 98 om endringer i skatteloven vert det gjort følgjande endringar i VII femte ledd:

For selskap som er omfattet av endringen i skatteloven § 11-7 annet ledd, gjelder følgende overgangsregel: *Selskap som har en latent skatteposisjon etter tidligere bestemmelse i skatteloven § 11-7 annet ledd, jf. tredje ledd, som følge av at den skattemessige verdien på en urealisert fusjons- eller fisjonsfordring avviker fra fordringens pålydende (fordringens regnskapsmessige verdi), kan velge å utligne forskjellen uten beskatning. Tilsvarende gjelder for selskap som før vedtakelsen av lovendringen i 2023 har vært part i en fusjon i konsern etter aksjeloven og allmennaksjeloven § 13-2 annet ledd eller fusjon i konsern etter aksjeloven og allmennaksjeloven § 14-2 tredje ledd, og som ville hatt en slik latent skatteposisjon etter tidligere bestemmelse i skatteloven § 11-7 annet ledd. Valgfriheten er betinget av at både mor- og datterselskap på tidspunktet da fordringen ble stiftet, treffer samme beslutning.*

II

Endringane under I tek til å gjelde straks.

Forslag til lov om endringar i suppleringskatteloven

I

I lov 12. januar 2024 nr. 1 om suppleringskatt på underbeskattet inntekt i konsern vert det gjort følgjande endringar:

§ 1-1 åttande ledd skal lyde:

(8) Enheter som er unntatte enheter etter § 1-3, er ikke omfattet av reglene om suppleringskatt.

§ 1-1 noverande åttande ledd vert nytt niande ledd.

§ 2-6 fyrste ledd andre punktum skal lyde:

Plikten til å svare nasjonal suppleringskatt gjelder også felleskontrollert virksomhet og dens underenheter lokalisert i Norge.

§ 2-6 andre ledd andre punktum skal lyde:

Der suppleringskatteloven eller forskrift til suppleringskatteloven gir konsernet en valgadgang, skal samme valg benyttes ved beregningen av suppleringskatt og nasjonal suppleringskatt.

§ 2-6 andre ledd noverande andre punktum vert nytt tredje punktum.

§ 2-6 fjerde ledd skal lyde:

(4) Den enkelte konsernenheten, samt felleskontrollert virksomhet og dens underenheter, skal svare sin andel av den nasjonale suppleringskatten for regnskapsåret beregnet etter § 5-1 tredje ledd.

§ 3-1 andre ledd ny bokstav d skal lyde:

d. Ved bruk av et autorisert regnskapsspråk, skal det justeres for vesentlig konkurransevridning.

§ 3-1 femte ledd vert oppheva.

Noverande sjette ledd vert femte ledd.

§ 3-2 sjette ledd skal lyde:

(6) Den rapporterende konsernenheten kan velge at konsernenhetene i en jurisdiksjon sin samlede netto gevinst fra avhendelse av fast eiendom i jurisdiksjonen til tredjepart utenfor konsernet, skal regnes mot netto tap fra slik avhendelse som konsernenheter i jurisdiksjonen har hatt i det året valget er tatt for og de fire foregående regnskapsårene.

§ 3-2 sjuande ledd bokstav a skal lyde:

a. konsernenheten er lokalisert i en jurisdiksjon *med samlet overskudd* der den effektive skattesatsen for konsernet er under 15 prosent, eller ville ha vært under 15 prosent dersom kostnaden ikke hadde påløpt hos konsernenheten,

§ 3-2 niande ledd skal lyde:

(9) Ved beregningen av justert resultat skal *forsikringsforetak* ikke ta med beløp som er belastet forsikringstakerne for å dekke skatt *foretaket* har betalt på forsikringstakernes avkastning. *Forsikringsforetak* skal ta med avkastning til forsikringstakerne som ikke inngår i resultatet, i den utstrekning *foretakets* korresponderende endring i forpliktelser til forsikringstakerne inngår i resultatet.

§ 3-3 fyrste ledd siste punktum skal lyde:

Dersom beregningen av en konsernenhets inntekt fra internasjonal skipsfart *eller* tilknyttet virksomhet viser et underskudd, skal underskuddet holdes utenfor beregningen av justert resultat.

§ 3-5 fyrste ledd fyrste punktum skal lyde:

For en konsernenhet som er en enhet med deltakerfastsetting, skal regnskapsmessig resultat reduseres med det beløpet som fordeles til eiere som ikke er enheter i konsernet og som eier andelene i enheten med deltakerfastsetting direkte eller gjennom en *skattetransparent struktur*, unntatt dersom:

§ 3-5 fjerde ledd skal lyde:

(4) For en skattetransparent enhet som ikke er det øverste morselskapet, skal det som gjenstår av regnskapsmessig resultat etter anvendelse av første og tredje ledd, fordeles til dens eiere som er konsernenheter, i samsvar med deres *eierinteresser*.

§ 3-5 sjette ledd skal lyde:

(6) Tredje, fjerde og femte ledd skal anvendes hver for seg for hver *eierinteresse* i enheten med deltakerfastsetting.

§ 4-2 tredje ledd bokstav a skal lyde:

a. ukrevd avsetning som er betalt i regnskapsåret, og

§ 4-2 åttande ledd bokstav f skal lyde:

f. netto gevinst på *omregning* av utenlandsk valuta

§ 4-3 andre ledd skal lyde:

(2) Utsatte skattefordeler som er oppstått på grunnlag av *poster* som er unntatt ved beregningen av justert resultat etter bestemmelsene i kapittel 3, skal ikke tas med ved beregningen etter første ledd hvis de utsatte skattefordelene er opparbeidet på grunnlag av en transaksjon som finner sted etter 30. november 2021.

§ 5-1 nytt femte ledd skal lyde:

(5) Er det samlet overskudd for et regnskapsår i en jurisdiksjon, og samlet justert skatt er negativ, skal suppleringskattesatsen settes til 15 prosent, og et beløp tilsvarende den negative skatten skal redusere samlet justert skatt i jurisdiksjonen i etterfølgende år. Reduksjonen skal skje etter samme fremgangsmåte som for overskytende negativ skattekostnad, jf. § 4-1 femte ledd femte og sjette punktum.

§ 5-2 tredje ledd fyrste punktum skal lyde:

Investeringsheter og forsikringsinvesteringsheter justerte skatt og justerte resultater inngår ikke ved beregningen etter første og andre ledd.

§ 5-3 fyrste ledd andre punktum skal lyde:

Den rapporterende konsernenheten kan *for det enkelte regnskapsåret* velge å ikke kreve fradrag, eller å kreve et fradrag som kun er basert på en del av lønnskostnadene og de fysiske eiendelene.

§ 5-4 fjerde ledd skal lyde:

(4) Dersom etterberegnet suppleringskatt fordeles til en konsernenhet etter denne paragrafen og § 5-1 tredje ledd, skal *konsernenheten* anses som en underbeskattet konsernenhet etter reglene i kapittel 2.

§ 6-2 fyrste ledd nytt tredje punktum skal lyde:

Armlengdeprinsippet i § 3-2 tredje ledd gjelder uavhengig av om konsernet regnskapsfører transaksjoner mellom konsernenheter til den overdragende konsernenhetens bokførte verdi i stedet for virkelig verdi.

§ 7-1 første ledd fyrste punktum skal lyde:

Er øverste morselskap en enhet med deltakerfastsetting, skal justert overskudd for regnskapsåret reduseres med den delen av justert overskudd som tilordnes den enkelte *eierinteresse*, dersom:

§ 7-1 første ledd bokstav b nr. 2 skal lyde:

2. har en direkte *eierinteresse* som gir rett til maksimalt 5 prosent av fortjenesten og eiendelene til det øverste morselskapet, og

§ 7-1 første ledd bokstav c nr. 2 skal lyde:

2. har en *eierinteresse* som gir rett til maksimalt 5 prosent av fortjenesten og eiendelene til det øverste morselskapet.

§ 7-1 fjerde ledd skal lyde:

(4) Første til tredje ledd skal også gjelde for et fast driftssted, når en enhet som nevnt i første ledd, helt eller delvis driver sin virksomhet gjennom det faste driftsstedet, eller når en skattetransparent enhet driver sin virksomhet gjennom det faste driftsstedet, forutsatt at enheten som nevnt i første ledd, eier den skattetransparente enheten direkte eller gjennom en *skattetransparent struktur*.

§ 7-2 første ledd bokstav d skal lyde:

d. mottakeren er en fysisk person som er skattemessig bosatt i den jurisdiksjonen som det øverste morselskapet er lokalisert i, og har en *eierinteresse* som gir rett til maksimalt 5 prosent av fortjenesten og eiendelene til det øverste morselskapet, eller

§ 7-2 tredje ledd skal lyde:

(3) *Har* det øverste morselskapet en *eierinteresse* i en annen konsernenhet som er underlagt regler om fradrag for utbytte, direkte eller gjennom en kjede av slike konsernenheter, skal første og andre ledd gjelde for alle andre konsernenheter som er lokalisert i den samme jurisdiksjonen som det øverste morselskapet, og som er underlagt reglene om fradrag for utbytte i den grad konsernenhetens justerte overskudd utdeles videre fra det øverste morselskapet til mottakere som oppfyller vilkårene i første ledd.

§ 7-3 femte ledd nytt tredje punktum skal lyde:

Har en konsernenhet forlatt konsernet eller overført det vesentlige av sine eiendeler, jf. syvende ledd, skal tilbakeføringskonto, samlet overskudd, justert skatt og substansfradrag for jurisdiksjonen for det regnskapsåret kontoen ble etablert, ved beregningen etter

foregående punktum være redusert i henhold til forholdstallet beregnet etter syvende ledd andre punktum.

§ 7-3 sjuande ledd fyrste punktum skal lyde:

Dersom en konsernenhet som er omfattet av et valg etter første ledd, forlater konsernet, eller det vesentlige av dets *eiendeler* overføres til andre enn en konsernenhet i samme jurisdiksjon, skal utestående balanse på tilbakeføringskontoene i regnskapsår da kontoene ble etablert, behandles som en reduksjon av justert omfattet skatt for hvert av regnskapsårene i samsvar med § 5-4 første ledd.

§ 7-5 fyrste ledd skal lyde:

(1) Rapporterende konsernenhet kan velge å behandle en konsernenhet som er en investeringseenhet eller en forsikringsinvesteringseenhet, som en skattetransparent enhet dersom eieren medregner gevinst eller tap på *eierinteressen* i henhold til regnskapsføring til virkelig verdi, og skattesatsen ved skattleggingen av verdiendringene er minst 15 prosent.

§ 7-5 andre ledd skal lyde:

(2) *Har* en konsernenhet en *eierinteresse* i en investeringseenhet eller en forsikringsinvesteringseenhet indirekte gjennom en *eierinteresse* i en annen investeringseenhet eller forsikringsinvesteringseenhet, anses skattleggingen av den indirekte *eierinteressen* å skje i henhold til regnskapsføring til virkelig verdi dersom *eierinteressen* i den direkte eide investeringseenheten eller forsikringsinvesteringseenheten skattlegges etter en slik modell.

§ 7-6 fyrste ledd skal lyde:

(1) Rapporterende konsernenhet kan velge at en konsernenhet som har en *eierinteresse* i en konsernenhet som er en investeringseenhet eller forsikringsinvesteringseenhet, anvender en metode for skattepliktig utdeling. Valget kan bare foretas dersom det er rimelig å forvente at konsernenheten skattlegges for utdelinger fra investeringseenheten eller forsikringsinvesteringseenheten med en skattesats som er lik eller høyere enn 15 prosent, og konsernenheten ikke selv er en investeringseenhet eller forsikringsinvesteringseenhet.

§ 7-6 femte ledd skal lyde:

(5) Under denne paragrafen skal det anses å oppstå et fiksert utbytte når en direkte eller indirekte *eierinteresse* i investeringseenheten eller forsikringsinvesteringseenheten overføres til en enhet utenfor konsernet. Det fikserte utbyttet skal tilsvare andelen av akkumulert

overskudd som kan tilordnes *eierinteressen* på overføringsdatoen, beregnet uten hensyn til det fikserte utbyttet.

II

Endringane under I tek til å gjelde straks. Endringane får verknad frå og med inntektsåret 2024, for rekneskapsår som begynner etter 31. desember 2023.

Førebels utgåve

B – Forslag til stortingsvedtak

Forslag

til vedtak om endring i stortingsvedtak om engangsavgift

I

I stortingsvedtak 14. desember 2023 nr. 2075 om særavgifter for 2024 om engangsavgift vert det gjort følgjande endringar:

§ 2 skal lyde:

For personbiler, varebiler klasse 1 og minibusser klasse 1 (avgiftsgruppe a) betales avgift med kroner 12,08 per kg for den delen av egenvekten som overstiger 500 kg. Avgiften kommer i tillegg til den avgift som skal betales etter § 3.

§ 3 første ledd bokstav k skal lyde:

k. *Avgiftsgruppe k (opphevet).*

§ 8 første ledd ny bokstav p skal lyde:

p. personbiler som ved første gangs registrering blir registrert på innehaver av løyve etter yrkestransportlova § 9, og som er tilpasset for og skal benyttes til transport av rullestolbrukere.

II

Vedtaket tek til å gjelde 1. juli 2024.

Forslag

til vedtak om endring i stortingsvedtak om avgift på elektrisk kraft

I

I stortingsvedtak 14. desember 2023 nr. 2075 om særavgifter for 2024 om avgift på elektrisk kraft vert det gjort følgjande endring:

§ 1 andre ledd bokstav b skal lyde:

- b. bruk i *Finnmark fylke og Troms fylke*, med unntak av kommunene Balsfjord, Bardu, Dyrøy, Gratangen, Harstad, Ibestad, Kvæfjord, Lavangen, Målselv, Salangen, Senja, Sørreisa, Tjeldsund og Tromsø

II

Vedtaket tek til å gjelde straks.

Forslag

til vedtak om endring i stortingsvedtak om produktavgift til folketrygda for fiskeri-, kval- og selfangstnæringane

I

I stortingsvedtak 14. desember 2023 nr. 2064 om produktavgift til folketrygda for fiskeri-, kval- og selfangstnæringane for 2024 vert det gjort følgjande endring:

Fyrste punktum skal lyde:

For 2024 skal det i henhold til lov 28. februar 1997 nr. 19 om folketrygd § 23-5 annet ledd beregnes produktavgift med 2,0 pst. på omsetning av fisk, hval og sel, og produkter av disse, fra fartøy som har drevet egen fangstvirksomhet innenfor det aktuelle kalenderår.

II

Vedtaket tek til å gjelde 1. juli 2024.

Førebels utgåve

Bestilling av publikasjoner

Tryggings- og serviceorganisasjonen til departementa
publikasjoner.dep.no
Telefon: 22 24 00 00

Publikasjonane er også tilgjengelege på
www.regjeringen.no

Trykk: Tryggings- og serviceorganisasjonen til
departementa – 05/2024



Førebels utgåve